
Årsrapport

2022

Utfordre det velkjente. Utforske det ukjente.



Innhold

I. Melding frå styret	3
II. Introduksjon til verksemda og hovudtal	6
III. Aktivitetar og resultat 2022	8
3.1 Sektormål og nasjonale styringsparametrar	8
3.2 Utviklingsavtale 2021-2022	16
3.2.1 Grøn omstilling.....	16
3.2.2 Eit ope universitet	18
3.2.3 Eit godt lærings- og arbeidsmiljø.....	21
3.3 Andre verksemdsmål	23
3.3.1 Energi.....	24
3.3.2 Helse og velferd.....	25
3.3.3 Læring for livet.....	27
3.4 Anna rapportering	28
IV. Styring og kontroll i verksemda	31
Del 1: Rapportering om styring og kontroll.....	31
Del 2: Rapportering på andre føresetnader og krav	32
V. Vurdering av framtidsutsikter	40
VI. Årsrekneskap	44

VEDLEGG

Utviklingsavtale 2023–2026

Handlingsplan 2023–2026

Oversikt interne måleparametrar

Sikring og bevaring, Arkeologisk museum

Rapport likestilling, inkludering og mangfald

I. Melding frå styret

Styrets arbeid

Styret gjennomførte fem ordinære styremøte og eit ekstraordinært styremøte i 2022 og behandla til saman 106 saker. To av styremøta var utvida til styreseminar. Tema for styreseminaret i februar var [ECIU](#) og forskning og kunstnarisk utviklingsarbeid ved UiS, medan organisasjonsutvikling, studiekvalitet, økonomi og ressursallokering var tema i september.

Viktige aktivitetar og resultat i 2022

Styret er godt nøgd med innsats og resultat frå både studentar og tilsette gjennom året. 2022 markerte overgangen frå smittevernregime til ei normal drift. Midlar tildelt frå departementet våren 2022 for tiltak til å støtte opp under læringsmiljø og studieprogresjon blei fordelt til prosjekt som støttar opp om læringsutbytte, inkluderande læringsmiljø og studieprogresjon. Som eit resultat av høg aktivitetsvekst gjennom fleire år opplever universitetet no eit stort trykk på bygg og infrastruktur. Universitetet har i samarbeid med Statsbygg utarbeidd ein campusutviklingsplan med plan for nye bygg knytt til aktivitet ved Arkeologisk museum, teknologi, innovasjon og helse. Ein langsiktig, institusjonell investeringsplan er òg utarbeidd for bygg og infrastruktur, med ein tidshorisont fram mot 2030.

Satsingsområde

Styret er tilfreds med at Strategi 2030 for Universitetet i Stavanger og tilhøyrande handlingsplanar no er godt forankra i heile organisasjonen. Grøn omstilling er kjernen i strategien, og energi, helse og velferd og læring for livet er satsingsområda til UiS. Arbeidet med å inkludere grøn omstilling i utdanningane blei intensivert i 2022, og hausten 2022 blei det oppstart for det første kullet på den nye bachelorgraden innan batteri- og energiteknologi. Fleire av våre nye Horisont Europa-prosjekt bidreg til grøn omstilling. I den toårige utviklingsavtalen med departementet har UiS prioritert utviklingsmål/delmål på tre av dei seks satsingsområda i Strategi 2030; grøn omstilling, eit ope universitet og eit godt lærings- og arbeidsmiljø. UiS har tradisjon for å vere bevisst rolla som samfunnsbygger, og den strategiske ambisjonen om å vere eit ope universitet har forankra og forsterka dette.

Høg kvalitet i forskning og utdanning

Universitetet har høge ambisjonar for forskinga og for utdanningane sine òg, og har stor merksemd på forskingskvalitet, utdanningskvalitet, gode studie- og forskingsmiljø og engasjerte studentar og forskarar.

Resultata av studentopptaket i 2022 er noko svakare enn i 2021 og søkinga til UiS er totalt sett lågare enn året før. Universitetet og styret har høg merksemd på oppfyltingsgraden på programma i opptaka. Kvart år blir det utarbeidd detaljerte rapportar om søkartal, opptak og oppfyltingsgrad som blir følgde opp i fageiningane. Alle avgjerder om etablering av nye studium, opptakstal og eventuell endring av kapasitet er forankra i vurderingar av porteføljen i fakulteta, utdanningsutvalet og styret.

Styret er glad for at resultata frå Studiebarometeret for UiS viser ei klar betring på dei fleste indeksane, både i høve til fjoråret og i høve til det nasjonale gjennomsnittet. Framgangen gjev von om at tiltak som er sette i verk, har gjeve resultat. Resultata i Studiebarometeret syner at studentane er særleg nøgde med Universitetsbiblioteket i Stavanger sine lokale og tenester og døgnopne tilbod. Styret er opptatt av at studentane våre skal ha eit godt læringsmiljø og vil framleis ha høg merksemd på resultata frå Studiebarometeret.

Strategi 2030 legg vekt på betydinga av å auke inntektene frå eksterne finansieringskjelder for å kunne finansiere auka omfang og auka kvalitet i forskinga. Medan dei totale tildelingane har gått ned i 2022, syner utviklinga ein gledeleg auke i inntekter frå bidrags- og oppdragsfinansiert forskning. EU-inntekter viser ein oppgang i kontraktsverdiar på i overkant av 33 millionar kroner samanlikna med 2021. Oppgangen er eit resultat av fleire utdanningsprosjekt (Erasmus+) og forskingsprosjekt (Horizon). Styret er tydeleg i forventninga om at verksemda skal legge til rette for fortsett auke i inntektene og då særleg frå Forskningsrådet og EU.

Styret er glad for at det blei ein auke i gjennomførte disputasar i 2022; 60 mot 52 året før. Førebelse tal viser ein liten nedgang i publiseringsevne blant forskarane ved UiS. Det er eit mål at all publisering frå UiS er opent tilgjengeleg innan 2024. I 2022 var 65 prosent av all publisering open. Når løyvingane til forskning på sentrale konkurransearenaer er under press, gjev dette avgrensa fleksibilitet. Styret er derfor nøgd med at våre forskarar ser moglegheiter og snur seg mot andre eksterne finansieringskjelder.

Forskning og utdanning for velferd, verdiskaping og omstilling

UiS skal vere eit ope, samarbeidsorientert og innovativt universitet. Samhandling med samfunns- og arbeidsliv og regional utvikling er ein viktig del av UiS sin identitet. UiS legg vekt på at studentane får fleire moglegheiter til å samarbeide med arbeids- og næringsliv. For å styrke arbeidslivsrelevansen i utdanningane vil universitetet tilby meir arbeidspraksis i studia. Gjennom ECIU University sin utfordringsbaserte metodikk kjem studentar tett på reelle utfordringar, også i eit internasjonalt perspektiv.

Organisasjon og ressursar

Styret får kvart år lagt fram status for prosentdelen mellombels tilsette og er nøgd med at dette talet går ned, men vil framleis ha merksemd rundt dette. UiS arbeider langs fleire aksar for å skape betre kjønnsbalanse og eit meir jamstilt universitet. Styret vil også følge tett opp resultatata frå medarbeidarundersøkinga som blir gjennomført ved UiS i løpet av våren 2023.

Prioriteringar for 2023

Nye utdanningstilbod ved UiS

NOKUT godkjende 8. februar 2023 søknad frå UiS om å kunne opprette eit masterprogram i rettsvitenskap. Dette viser at UiS er i stand til å møte viktige samfunnsutfordringar på utdanningssida. UiS har ambisjonar og kapasitet til å styrke fleire viktige profesjonsutdanningar til beste for heile landet. Styret ser fram til at UiS skal tilby eit spennande studium av høg kvalitet og relevans allereie frå hausten 2023. Med utvidinga frå hausten vil universitetet kunne tilby ei fullverdig jussutdanning. Styret vil følge opp og legge til rette for at UiS kan førebu og ta imot studentar til dei nye studia hausten 2023 på best mogleg vis.

Konsolidering

Styret vil følge tett med på verknadene av dei endra økonomiske rammevilkåra for UiS. Konsolideringsprosjektet blei starta våren 2022 og skal sørge for at UiS klarer å tilpasse organisasjon og aktivitetar framover og legge grunnlag for balanse mellom inntekter og kostnader i 2023. Styret vil sjå til at UiS sikrar nødvendig handlingsrom for å støtte opp under prioriterte utviklingsområde i Strategi 2030 og institusjonell campusutviklingsplan i langtidsbudsjettet og vil prioritere eit sterkt fokus på studieporteføljestyring. UiS skal også i 2023 prioritere å ta vare på studentar og tilsette og vidare utvikling av gode lærings- og arbeidsmiljø.

Strategirevisjon

Strategi 2030 for Universitetet i Stavanger har vore gjeldande frå januar 2021, og per i dag ser ikkje styret behov for endringar av visjon, verdigrunnlag eller overordna strategiske ambisjonar. Frå hausten vil styret starte ein prosess for evaluering og revisjon av det meir detaljerte innhaldet i strategien.



Anne Marit Panengstuen
styreleiar




Janne Johnsen



Eskild Holm Nielsen



Tom Hetland



Sigrun K. Ertesvåg



Svein Erik Tuastad



Kolbjørn Kallesten Brønnick




Kristi Bjørnes Skeie



Anne Marit Aspenes



Mahnoor Raja



Martin Solheim

Stavanger, 9. mars 2023

II. Introduksjon til verksemda og hovudtal

UiS er underlagt Kunnskapsdepartementet (KD) og er eit forvaltningsorgan med særskilde fullmakter. Styret er det øvste styringsorganet ved UiS, med ansvar for universitetet si samla verksemd. UiS sitt hovudkontor og -campus ligg på Ullandhaug i Stavanger kommune. To einingar er lokaliserte i Stavanger sentrum, og éi eining har kontor i Porsgrunn.

UiS sitt samfunnsoppdrag er å tilby høgare utdanning, utføre forskning og kunstnarisk utviklingsarbeid, og formidle faglege resultat. Universitetet skal òg bidra til livslang læring, stimulere til samfunnsdebatt, innovasjon og verdiskaping, og samarbeide med andre aktørar for å styrke kvalitet og relevans i verksemda. Formålet med verksemda er også å bidra til ei miljømessig, sosialt og økonomisk berekraftig utvikling. Samfunnsoppdraget har i fleire år vore konkretisert gjennom universitetet sitt motto: *utfordre det velkjente og utforske det ukjente*.

Visjon og verdigrunnlag


Gjeldande strategi for UiS tar utgangspunkt i ein visjon om at universitetet skal vere ei drivkraft i kunnskapsutvikling og endring. Dei tre verdiane som skal prege leiarar, tilsette og heile verksemda, er uavhengig, inkluderande og skapande.


Strategiske prioriteringar

Drift og utvikling av universitetet skal vere prega av bidrag til grøn omstilling av samfunnet. Tre fagområde er særleg prioriterte: læring for livet, helse og velferd, og energi. Gjennom å vere eit ope universitet skal UiS påverke – og bli påverka – av omverda.

Organisasjon og leiing

Kjerneverksemda ved UiS er organisert i seks fakultet og eit museum. Administrative fellestenester er organisert i fire divisjonar som støttar kjerneverksemda sitt arbeid for ulike delar av samfunnsoppdraget. Topplesiinga ved UiS består av rektor, prorektorar for utdanning, forskning og innovasjon og samfunn, og direktør for organisasjon og infrastruktur.





Hovudtal for verksemda

Verksemda ved UiS utgjør om lag 4,8 prosent av den statlege universitets- og høgskolesektoren, målt i årsverk.

Hovudtal	2019	2020	2021	2022	Endring 2021–2022
Ressursar					
Antal årsverk totalt	1 550	1 611	1 771	1 890	6,7 %
Antal faglege årsverk (UFF)	997	1 022	1 131	1 214	7,3 %
Antal årsverk tekn/adm/støtte	553	589	641	676	5,5 %
Sum driftsinntekter (1000 kr)	1 970 560	2 013 548	2 213 310	2 296 409	3,8 %
Tildeling frå dep. (1000 kr)	1 645 457	1 734 116	1 821 434	1 872 001	2,8 %
Tildeling frå EU og Forskingsrådet (1000 kr)	91 747	75 440	114 366	187 838	64,2 %
Kjerneverksemda					
Antal registrerte studentar	11 562	12 411	12 617	12 506	-0,9 %
Studiepoeng-einingar prof.)	7 864	8 577	8 482	8 477	-0,1 %
Publiseringspoeng*	2 375	2 464	2 503	2 477	-1,0 %
Avlagde doktorgradar	1 298	1 332	1 407	1 342	-4,6 %
Avlagde doktorgradar	62	74	52	60	15,4 %

* Publiseringspoeng har rapporteringsfrist 1. april, tal for 2022 er mellombels

III. Aktivitetar og resultat 2022

3.1 Sektormål og nasjonale styringsparametrar

3.1.1 Sektormål 1: Høg kvalitet i utdanning og forskning

Andelen kandidatar som gjennomfører på normert tid

Styringsparameter	2019	2020	2021	2022	Gj.sn. statl. inst. 2022
Andelen studentar på bachelorutdanning som gjennomfører på normert tid	48,14	45,38	49,18	51,49	55,09
Andelen studentar på masterutdanning som gjennomfører på normert tid	52,72	45,09	54,36	54,59	53,32

Gjennomføringa på normert tid på bachelorutdanningane er 51,49 prosent i 2022. Det er ei ytterlegare betring i høve til i tidlegare år, men framleis ein del under det nasjonale gjennomsnittet.

Gjennomføringa på masterutdanningane gjekk også opp for 2022, samanlikna med skår 2019–2021. Med eit resultat på 54,59 ligg UiS noko over det nasjonale gjennomsnittet. Fakulteta arbeider kontinuerleg med tiltak for å betre gjennomstrøyminga.

Andelen ph.d.-kandidatar som gjennomfører innan seks år

Styringsparameter	2019	2020	2021	2022	Gj.sn. statl. inst. 2022
Andelen ph.d.-kandidatar som gjennomfører innan seks år	57,81	75,00	67,95	64,44	67,22

Andelen ph.d.-kandidatar som gjennomførte doktorgradsutdanninga innan seks år har gått noko ned samanlikna med 2021. Av dei som blei tatt opp på eit doktorgradsprogram ved UiS i 2016, har 64,4 prosent fullført graden. Det nasjonale gjennomsnittet er på 67,2 prosent. Blant dei som framleis er aktive kandidatar i dette kullet, planlegg fleire å enten disputere eller levere avhandlinga i løpet av 2023. UiS hadde 60 disputasar i 2022, ein auke på 15 prosent frå året før.

Skår på korleis studentane oppfattar studiekvaliteten

Styringsparameter	2019	2020	2021	2022	Gj.sn. statl. inst. 2022
Skår på korleis studentane oppfattar studiekvaliteten	3,81	3,71	3,86	3,71	3,81

Svarinngangen på 43 prosent i Studiebarometeret er over landsgjennomsnittet på 39 prosent, men noko dårlegare enn i fjor. Resultata på Studiebarometeret er samansette. UiS har ei klar betring på dei fleste indeksane, både i høve til fjoråret og i høve til det nasjonale gjennomsnittet. UiS ser dette som eit klart teikn på at den høge merksemda institusjonen har på resultata, og det gode arbeidet einingane gjer, no ber frukter. Samstundes fell skåren for korleis studentane oppfattar studiekvaliteten (Alt-i-alt tilfreds) frå 3,86 til 3,71. Ifølge NOKUT er det ein nasjonal trend at skåren på denne parameteren fell i 2022. Universitetet vil framleis ha høg merksemd på Studiebarometeret.

Universitetet skal kontinuerleg vidareutvikle utdannings- og undervisingskvaliteten. I dette arbeidet er det avgjerande viktig at dei tilsette får gode faglege støttestrukturar for å kunne fremme arbeidet med kvalitet i undervisninga. Slike støttestrukturar fyller ei viktig rolle i å bidra til at vitskapleg tilsette utviklar og vidareutviklar undervisninga og den utdanningsfaglege kompetansen sin.

Universitetet gjev to kurs som saman svarar til departementet sitt forskriftskrav om 200 timar formelt basisnivå; NyTi og Basiskurset. NyTi rettar seg mot undervisingsrelatert kollegalæring for og med nytilsette, medan Basiskurset rettar seg mot ein noko breiare pedagogisk basiskompetanse. I tillegg er det tilbod om fire ulike modular som vidareutdanningar på toppen av basis.

Kursa er del av UiS sitt progresjonsorienterte kvalifiseringssystem og ei mogleg påbygging av utdanningsfagleg kompetanse utover basisnivået. Det er forventat at lærarane tar 50 timar utdanningsfagleg påfyll kvart femte år på toppen av 200 timar basiskompetanse. Det er Uniped-

eininga som har hovudansvaret for å drive den utdanningsfaglege kompetansehevinga ved UiS, og eininga driv òg ei meritteringsordning der vitenskapleg tilsette ved UiS kan søke status som merittert undervisar ein gong i året. Over 60 vitenskapleg tilsette har allereie søkt om status som merittert undervisar ved UiS, og 17 kandidatar har oppnådd denne statusen. Eininga har òg gjennomført ein kompetansehevingsmodul på 50 timar for studieprogramleiarar i 2022. 30 studieprogramleiarar tok del i kurset.

I 2019 innførte universitetet ei ordning for periodisk programevaluering med påfølgande reakkreditering som ein ordinær del av verksemda. Reakkrediteringa av programma var tufta på evalueringar med deltaking frå éin til to eksterne fagfellar og éin representant frå arbeidslivet. Desse studieprogramma blei evaluerte i 2022:

1. Bachelorprogram i dans
2. Masterprogram i rus- og psykisk helsearbeid
3. Bachelorprogram i sosialt arbeid
4. Masterprogram i industriell teknologi og driftsleiing
5. Masterprogram i biologisk kjemi
6. Masterprogram i økonomi og administrasjon
7. Ph.d.-program i samfunnsvitenskap

Ved sida av å reakkreditere programma, gjev denne evalueringsordninga særst gode innspel til kontinuerleg forbetring av universitetet sine studieprogram.

Universitetet har høg merksemd på digital omstilling, og bruken av elementære nettbaserte verkemiddel er halden ved lag i utdanningane etter pandemiperioden. Dette viser seg mellom anna i omfanget av opptak og strøyming av undervising i videotenesta Panopto. I 2022 blei det produsert 3 248 opptak på til saman 3 954 timar. Desse blei spelte 218 573 gonger, av 12 950 unike sjåarar, som er ein indikasjon på at dei fleste av studentane våre har tilgjenge til og bruker undervisingsopptak. I tillegg er det produsert 116 spesielle, faglege videoar av NettOp, som er universitetet si eining for tenester og støtte til utvikling av digitale løysingar for læring og vurdering i utdanningane. I universitetet sin offentlege formidlingskanal på YouTube blei det i 2022 publisert 139 nye videoar. I 2022 blei universitetet sine videoar på YouTube spelt av 1,1 millionar gonger.

Podkast har stor vekst til bruk både i undervising og formidling. I 2022 blei det produsert 71 podkastar, publisert på alle aktuelle offentlege podkasttenester. Det er òg produsert eit stort tal lydfiler med fagleg innhald til universitetet si læringsplattform. Dei offentlege podkastane blei lasta ned nær 100 000 gonger i 2022.

Fagleg tidsbruk blant heiltidsstudentar (timar per veke)

Styringsparameter	2019	2020	2021	2022	Gj.sn. statl. inst. 2022
Fagleg tidsbruk (timar) per veke blant heiltidsstudentar	34,09	34,31	33,75	33,73	33,74

Basert på tal frå Studiebarometeret bruker UiS-studenten i snitt 33,73 timar i veka på studiearbeid, organisert og sjølvstudium, om lag som det nasjonale snittet for 2022. I tillegg bruker UiS-studenten om lag 11,6 timar på lønsarbeid, høgare enn det nasjonale snittet på 9,4. Det er relativt stor ulikskap mellom fakulteta rundt UiS-snittet. Medan studentane ved Fakultetet for utøvande kunstfag, Det helsevitenskaplege fakultetet og Det teknisk-naturvitenskaplege fakultetet svarar at dei bruker høvesvis 41, 40,6 og 40,3 timar i veka på studia, svarar studentane ved Fakultet for utdanningsvitenskap og humaniora og Det samfunnsvitenskaplege fakultet at dei bruker høvesvis 26,5 og 29 timar.


Antal publiseringspoeng per fagleg årsverk

Styringsparameter	2019	2020	2021	2022	Gj.sn. statl. inst. 2022
Antal publiseringspoeng per fagleg årsverk	1,36	1,36	1,29	1,20	-

Publiseringspoeng for 2022 vil bereknast til rapporteringsfristen i april. Mellombelse tal syner ein liten nedgang for UiS på denne styringsparameteren. 2019 og 2020 var toppår med 1,36 publiseringspoeng

per fagleg årsverk. Nedgangen gjeld dei fleste einingane i verksemda. Ifølge Indikatorrapporten 2022 (NFR), utgjorde UiS sine publiseringspoeng i 2021, 4,39 prosent av totalen for sektoren.

Parametrane publiseringspoeng og studiepoeng per fagleg årsverk (UFF) kan illustrere utviklinga av UiS si verksemd over fleire år:



Verdien av kontraktar frå EUs rammeprogram for forskning og innovasjon per FoU-årsverk

Styringsparameter	2019	2020	2021	2022	Gj.sn. statl. inst. 2022
Verdien av kontraktar frå EUs rammeprogram for forskning og innovasjon per FoU-årsverk	7 033	4 110	1 158	5853,7	-

(Verdi i Euro av signerte kontraktar, eige tal FoU-årsverk, DBH)

Tildelingar frå Horisont Europa

I løpet av 2022 har det blitt innvilga åtte nye Horisont Europa-prosjekt til UiS. Desse prosjekta har ein totalverdi for UiS på 35,3 millionar kroner. Fleire av våre nye prosjekt er knytte til grøn omstilling, og saman med regionale aktørar har vi posisjonert oss godt innan fleire av samfunnsoppdraga. Dette betyr at UiS har lykkast med å mobilisere fleire forskarar til å søke Horisont Europa då det har vore mindre utlysingar innan NFR. UiS, og særleg Det teknisk-naturvitskaplege fakultet, har eit stort potensial for å hente ut meir midlar frå Horisont Europa, spesielt innan klynge 5: Klima, mobilitet og energi.

UiS har ambisiøse mål når det gjeld tildelingar i Horisont Europa (HE). Både for Strategi 2030 og i UiS sin utviklingsavtale med Kunnskapsdepartementet, er talet på tildelingar i Horisont Europa ein sentral måleparameter. Her kjem det fram at UiS skal prioritere forskingsområde med klar nytteverdi for omstilling av samfunnet, og koplingar til målretta samfunnsoppdrag i Horisont Europa. UiS skal vidare etablere tverrfakultære forskingssamarbeid som inkluderer omstilling og berekraft, og utvikle eit mål for korleis forskning påverkar omstilling (impact). I tillegg til grøn omstilling er det tre prioriterte satsingsområde; energi, helse og velferd, og læring for livet. Det er no utarbeidd eigne måleparametrar for dei tre strategiske satsingsområda og til grøn omstilling. Fakulteta har følgd opp med eigne handlingsplanar. UiS har lagt til rette for målretta innsats for å mobilisere fagmiljøa og auke suksessraten for søknader om EU-finansiering.

Det har blitt utarbeidd ein handlingsplan for auka eksternfinansiert verksemd kor Horisont Europa står sentralt. UiS drifrar tre heilskaplege og langsiktige forskingsstrategiske program (2021–2024). Det første programmet omhandlar framifrå forskning, og ei viktig prioritering er utvikling av eit eige ERC-støtteprogram. Det blei sett av betydelege midlar til dette for 2022. UiS har blant anna starta ERC Mentorship til å rettleie kandidatar i arbeidet med søknader og førearbeid for ERC-søknader. Det andre programmet er forskning på store samfunnsutfordringar og auka deltaking i pilar 2 “Global

Challenges and Industrial Leadership”. Auka fokus på tverrfagleg og tverrsektorielt samarbeid er derfor viktig for UiS. Posisjonering av sentrale fagmiljø inn mot samfunnsutfordringar (inkludert EUs samfunnsoppdrag) er sentralt både når det gjeld akademisk samarbeid og nettverk, inkludert samarbeid med aktørar utanfor academia (industri/offentleg sektor). Det tredje programmet er eit program for utvikling av forskarar som er tidleg i karrieren sin, mellom anna med tanke på å søke eksternt finansiert forskning.

Vår region er fremst i Noreg (og Europa) på deltaking i EUs samfunnsoppdrag (Missions), og dette har vore viktig i 2022. Stavanger er no blitt utpeikt som ein av 112 klimanøytrale byar innan 2030, og Rogaland fylkeskommune er blitt ein av 150 klimatilpassingsdyktige regionar innan 2030. UiS er sterkt involvert i arbeidet med samfunnsoppdraga, og det er etablert eit godt samarbeid med Stavanger kommune (klimanøytrale byar) og Rogaland fylkeskommune (klimatilpassing). Arbeidet med samfunnsoppdraga har også vore sentralt for EU-nettverket Horisont Rogaland som UiS er leiari for.

UiS har i 2022 hatt god utteljing på søknader til Marie Skłodowska-Curie Actions i 2022. Det er innvilga tre Doctoral Networks og to Postdoctoral Fellowships. UiS har utvikla egne støtteprogram for MSCA Doctoral Networks og Postdoctoral Fellowships, noko som har gjeve gode resultat.

Andelen utreisande studentar på Erasmus+ av totalt studenttal

Styringsparameter	2019	2020	2021	2022	Gj.sn. statl. inst. 2022
Andel utreisande utvekslingsstudentar på Erasmus+ av totalt antal studentar	1,01	0,24	1,33	1,31	1,6

Andelen utreisande studentar på Erasmus+ av totalt studenttal var 1,33 prosent i 2021, universitetet sitt beste resultat nokosinne. For 2022 blei resultatet marginalt lågare, og framleis klart under det nasjonale gjennomsnittet. UiS er ikkje nøgd med den låge andelen utreisande studentar på Erasmus+.

3.1.2 Sektormål 2: Forsking og utdanning for velferd, verdiskaping og omstilling

Andelen mastergradkandidatar sysselsett i relevant arbeid eit halvt år etter fullført utdanning (Kandidatundersøkinga – NIFU)

Styringsparameter	2019	2020	2021	2022	Gj.sn. statl. inst. 2022
Andel mastergradkandidatar sysselsett i relevant arbeid eit halvt år etter fullført utdanning*	80,6	82,8	86,5	-	-

NIFU si kandidatundersøking blir gjennomført kvart andre år med ei ekstraordinær kandidatundersøking grunna pandemien i 2020. I den siste undersøkinga fekk UiS ein skår på 86,5. Skåren bør ikkje samanliknast direkte med tidlegare resultat grunna endringar som NIFU har gjort i spørsmålsstillingar.

Bidragssinntekter frå Forskingsrådet per fagleg årsverk (DBH)

Styringsparameter	2019	2020	2021	2022	Gj.sn. statl. inst. 2022
Bidragssinntekter frå Forskingsrådet per fagleg årsverk	87,00	67,34	90,01	145,61	178,32

Resultat for UiS ligg framleis ein del under gjennomsnittleg NFR-bidragssinntekt per årsverk for dei statlege institusjonane, men 2022-resultatet utgjorde heile 82 prosent av det statlege snittresultatet. UiS sine inntekter frå Forskingsrådet var 170,8 millionar kroner i 2022, noko som gav ei klar betring av resultatet på denne styringsparameteren, og den høgaste skåren for UiS i perioden 2012–2022.

Bidragssinnt. frå NFR per fagleg årsverk	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022
UiS	46,10	69,08	75,93	78,51	67,12	68,08	87,00	67,34	90,01	145,61
Gjennomsnitt statlege inst.	126,30	135,40	145,20	154,80	159,50	157,00	163,00	148,40	165,10	178,32
UiS ift. gjennomsnitt	37 %	51 %	52 %	51 %	42 %	43 %	53 %	45 %	55 %	82 %

(DBH og Tilstandsrapport høgere utdanning)

I 2022 fekk forskarar ved UiS innvilga tre forskarprosjekt og to samarbeidsprosjekt. I tillegg hadde fem av søknadene til forskarprosjektutlysinga som fekk avslag, topp karakter. Kuttet i budsjetttrammene for forskarprosjektordninga kan derfor ha hatt ei negativ effekt på UiS i den nasjonale konkurransen om forskingsmidlar. Den låge innvilgingsprosenten og uvisse rundt Forskringsrådets økonomiske situasjon gjer at forskarar i større grad snur seg mot andre bidrags- og oppdragsinntekter. Dei har blant anna lykkast med tildelingar frå Finansmarkedsfondet og Stiftelsen Leon Jarners Minnefond. UiS arbeider kontinuerleg med å betre kvaliteten i søknadene til Forskringsrådet, og ser årleg ein auke i gjennomsnittskarakterane.

Andre bidrags- og oppdragsinntekter per fagleg årsverk (DBH)

Styringsparameter	2019	2020	2021	2022	Gj.sn. statl. inst. 2022
Andre bidrags- og oppdragsinntekter per fagleg årsverk	135,05	155,35	167,51	131,34	199,69

UiS sitt resultat på denne styringsparameteren var på nivå med 2019 og klart lågare enn dei to siste åra. Samanlikna med gjennomsnitt for dei statlege institusjonane, har 2014 og 2021 vore dei beste åra for UiS når det gjeld andre bidrags- og oppdragsinntekter.

Andre bidrags- og oppdr.innt. per fagl. årsverk	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022
UiS	153,80	177,60	139,50	108,80	103,00	105,50	135,00	155,30	167,50	131,34
Gjennomsnitt statlege inst.	158,60	154,10	156,70	143,80	140,30	143,00	158,10	158,80	165,80	199,69
UiS ift. gjennomsnitt	97 %	115 %	89 %	76 %	73 %	74 %	85 %	98 %	101 %	66 %

Andelen forskingsinnsats i matematiske, naturvitenskaplege og teknologiske fag (MNT-fag)

Styringsparameter	2019	2020	2021	2022	Gj.sn. statl. inst. 2022
Andel forskingsinnsats i matematiske, naturvitenskaplege og teknologiske fag (MNT-fag)	28	-	25	-	na

Andelen forskingsinnsats i matematiske, naturvitenskaplege og teknologiske fag (MNT-fag) blir berekna på bakgrunn av institusjonen sin prosentandel driftsutgifter til FoU i MNT-fag av totale driftsutgifter til FoU ved institusjonen. UiS har seks einingar som leverer forskning innan matematikk, naturvitenskap og teknologi. I FoU-statistikken for 2021 rapporterte UiS 177 millionar kroner i FoU-driftskostnader i MNT-fag, som gjer ein MNT-andel på 25 prosent. Dette er den lågaste MNT-andelen UiS har hatt i perioden 2013–2021. Utviklinga heng mellom anna saman med strategiske prioriteringar og kostnadsvekst på andre fagområde.

	2013	2015	2017	2019	2021
UiS	40 %	37 %	36 %	28 %	25 %
UiB	40 %	42 %	42 %	42 %	41 %
NTNU	55 %	54 %	54 %	57 %	61 %
UiA	32 %	32 %	34 %	29 %	31 %
HVL	25 %	24 %	31 %	22 %	26 %

FoU-statistikken kan tyde på større endring i andel MNT ved UiS enn fleire av dei andre institusjonane som rapporterer inn til denne FoU-parameteren. Gjennomsnittleg MNT-andel for alle lærestader (ekskl. helseføretak) var 36 prosent for 2021.

Totalt antal FoU-årsverk i MNT-fagområda har auka med 39 prosent for UiS frå 2013 til 2021. For dei andre fagområda ved UiS samla, auka antal FoU-årsverk med 93 prosent i same tidsperiode.

Utmerkingar til tilsette ved UiS

UiS-professor Siri Wiig blei tildelt Lyse sin forskingspris for 2021 for forskning på pasientsikkerheit.

Innovasjonsprisen for 2021 gjekk til Knut Erik Teigen Giljarhus, førsteamanuensis ved UiS. Giljarhus fekk prisen for å konkretisere forskingsresultat i patent og etablere selskap som tar forskinga vidare.

Professor Marie Smith-Solbakken fekk Universitetsfondets pris for formidling og samfunnsengasjement for 2021, for sitt arbeid med Alexander L. Kielland-ulykka.

Eirik Bjorheim Abrahamsen blei tildelt Utdannings- og læringsmiljøprisen for 2022 for sitt engasjement i undervisnings- og utdanningskvalitet og studentane sitt læringsmiljø.

Arbeidsmiljøprisen blei delt ut for første gong i 2022, til seniorrådgjevar Jeanette Rollheim ved Fakultet for utdanningsvitenskap og humaniora.

3.1.3 Sektormål 3: God tilgang på utdanning

Kandidattal på helse- og lærarutdanningane (DBH)

Styringsparameter	2019	2020	2021	2022	Gj.sn. statl. inst. 2022
Kandidattal på helse- og lærarutdanningane	735	769	625	774	-

Universitetet er for det meste nøgd med kandidattala i helse- og lærarutdanningane. Med unntak av GLU 1-7 og PPU, ligg alle kandidattala godt over departementet sine måltal. Kandidattala på universitetet si ABIOK-utdanning¹ er til saman 69 i 2022. Universitetet tar opp studentar til masterutdanninga i spesialsjukepleie (anestesi, intensiv og operasjon) kvart år, medan vidareutdanninga i kreftsjukepleie har opptak annakvart år. Kandidattala på universitetet si ABIOK-utdanning vil derfor kunne ligge noko under måлтаlet på 34 annakvart år, men vesentleg over måлтаlet i andre år. I jordmorutdanninga blei det uteksaminert 18 kandidatar, som er over måлтаlet på 14. Kandidattalet for sjukepleiarutdanninga er 263 og ligg godt over måлтаlet på 183. I GLU 5-10 er kandidattalet 48 som er over måлтаlet på 37 og i GLU 1-7, 41 kandidatar som er under måлтаlet på 56. På barnehagelærarutdanninga blei det uteksaminert 140 kandidatar, godt over måлтаlet på 115. Ved lektorutdanninga blei det uteksaminert 54 kandidatar, som er langt over måлтаlet på 28. For PPU er kandidattalet i 2022 136 som er under måлтаlet på 178.

Vårsemesteret 2022 starta med fysiske avgrensingar for studentane på grunn av smittevernreglar fastsette i desember 2021. Kapasiteten i undervisnings- og eksamensareala var noko avgrensa for å hindre smitte, og undervisninga blei gjennomført som ei blanding av fysisk og digital undervisning. I løpet av vårsemesteret blei avstandsavgrensingane for studentar og tilsette fjerna og reglane for undervisninga i hovudsak tilbakeført til normalen. Eksamen i vårsemesteret blei i større grad enn vanleg gjennomført som heimeeksamen. Eksamensavviklinga gjekk godt utan større hendingar, og praksis blei gjennomført som normalt.

¹ ABIOK: Anestesi, Barn, Intensiv, Operasjon, Kreft

Opptaket til studieplassane innan IKT-fag og helse- og sosialfag som universitetet fekk i revidert nasjonalbudsjett 2019 og statsbudsjettet 2020, er vidareført i 2022. I samband med Utdanningsløftet, fekk UiS 250 studieplassar i revidert nasjonalbudsjett 2020. Desse blei fordelte til fagområda og 180 av dei vidareførte i 2022 i samsvar med departementet si tildeling. 25 studieplassar er lagde til master i barnevernsfag som hadde første opptak i 2022.

Resultata av studentopptaket i 2022 er totalt noko svakare enn i 2021. Oppfyltingsgraden for heile opptaket på 103 prosent ligg 3 prosent under fjoråret. Dei nasjonale trendane viste ein nedgang i søknader til grunnstudia via Samordna opptak (SO) frå 2021 til 2022, og søkinga til UiS er totalt sett lågare enn førre året. Universitetet har høg merksemd på oppfyltingsgraden på programma i opptaka. Kvart år blir det utarbeidd detaljerte rapportar om søkartal, opptak og oppfyltingsgrad som blir følgde opp i fageiningane.

Tala frå SO viser at UiS hadde 6 047 primærsøkarar til 2 470 studieplassar i det nasjonale opptaket til grunnstudia. I dei lokale opptaka ved UiS var det 5 875 søkjarar til 1 449 opptaksplassar innan toårige masterstudium, påbyggingsstudium og vidareutdanningar, ein auke på 3,2 prosent frå i fjor. Talet på utanlandske søkarar til dei internasjonale masterstudia i Det teknisk-naturvitenskaplege fakultetet, Fakultetet for utdanningsvitenskap og humaniora og Handelshøgskolen ved UiS var rekordhøgt i 2022. Det var 5 440 søkarar til 321 plassar i det internasjonale opptaket. I tillegg kjem søkarar til dei kunstfaglege utdanningane.

Totalt var det 2 771 studentar som registrerte seg på grunnstudia via Samordna opptak. Det gjev ein oppfyltingsgrad til grunnutdanningane via SO på 112 prosent, som er litt under målsettinga som universitetsstyret har sett til 115 prosent. I dei lokale opptaka er det registrert 1 725 studentar til 1 901 plassar, noko som gjev ein oppfyltingsgrad på 91 prosent som er eit stykke frå måltalet på 115 prosent. Totalt sett er oppfyltingsgraden for heile opptaket 103 prosent, som er svakare enn måltalet. Dette er aggregerte tal som skjuler store forskjellar mellom fakulteta og mellom dei ulike studieprogramma.

Alle avgjerder om etablering av nye studium, opptakstal og eventuell endring av kapasitet er forankra i vurderingar av porteføljen i fakulteta, utdanningsutvalet og styret. Nye akkrediterte og etablerte gradsprogram vedtatt i 2022 er:

1. Bachelorprogram i digital serviceleiing
2. Bachelorprogram i skolefritidspedagogikk
3. Bachelorprogram i toll, vareførsel og grensekontroll, etatsvegen
4. Masterprogram i psykologi
5. Masterprogram i utøvande kunstfag
6. Masterprogram i digitale samfunn og sosiale transformasjonar
7. Erfaringsbasert masterprogram i transformasjon og nyskaping

Fleire av desse programma fell inn under satsingsområda i Strategi 2030 og følger opp ambisjonane for læring for livet, helse og velferd, grøn omstilling og energi. Bachelorprogrammet i skolefritidspedagogikk er det første i sitt slag i Noreg, og universitetet har von om at det vil bidra til å dekke eit stort kompetansebehov. Studieprogramma startar opp hausten 2023.

I 2021 akkrediterte og etablerte universitetet ph.d.-programmet i kunstnarisk utviklingsarbeid som eit fellesgradsprogram med Universitetet i Agder. I brev av 28. februar 2022 frå Kunnskapsdepartementet fekk universitetet rett til å tildele graden ph.d. i kunstnarisk utviklingsarbeid, og programmet kunne formelt starte opp.

Universitetet har etablert masterprogram i rettsvitenskap og profesjonsstudium i psykologi under føresetnad av positivt svar frå NOKUT på søknadene om akkreditering, som begge blei sende innan fristen 15. oktober 2021. I brev av 8. februar 2023 er universitetet informert om at masterprogrammet i rettsvitenskap er akkreditert av NOKUT. UiS fekk 14. februar 2023 diverre avslag frå NOKUT på søknaden om å opprette profesjonsstudium i psykologi. Alle samarbeidsavtalar UiS har inngått og tilsettingar som er blitt gjort, blir verdsette av komitéen. Saman med velviljen UiS er blitt møtt med i psykologimiljøet over heile fylket, gjer det UiS sterkt rusta til å fortsette det vidare arbeidet mot ei tilråding om akkreditering.

Desse studia starta opp hausten 2022:

- 1 Bachelorprogram i ingeniørfag, medisinsk teknologi
2. Bachelorprogram i ingeniørfag, batteri- og energiteknologi
3. Masterprogram i energi, reservoar og geovitskap
4. Masterprogram i barnevernsarbeid
5. Distriktsvenleg sjukepleiarutdanning

I 2022 har universitetet òg lansert ei eiga offentleg teneste for opne nettkurs:

- o Åpnenettkurs.uis.no
- o Openonlinecourses.uis.no

Arbeidet med ECIU University saman med partnerane i European Consortium of Innovative Universities (ECIU) heldt fram i 2022. Det tre-årige pilotprosjektet 2019–2022 blei avslutta november 2022. Samstundes starta eit nytt fire-årig prosjekt finansiert av EU-kommisjonen med 14,4 millionar Euro. I pilotfasen er det bygd opp eit utdanningstilbod i partnerskap med arbeidslivet basert på utfordringar særleg knytte til SDG11 Berekraftige byar og regionar. Utfordringsbasert læring blir nytta som grunnlag for den pedagogiske metoden. Grupper av studentar og folk frå arbeidslivet arbeider saman for å løyse utfordringane i tverrfaglege og internasjonale team.

3.1.4 Sektormål 4: Effektiv, mangfaldig og solid høgare utdanningssektor og forskingssystem

Antal studiepoeng per fagleg årsverk

Styringsparameter	2019	2020	2021	2022	Gj.sn. statl. inst. 2022
Antal studiepoeng per fagleg årsverk	469,7	503,7	443,36	408,25	405,88

Studiepoengproduksjonen (KD-finansiert), har vore relativt stabil dei siste tre åra. UiS har hatt ein stor auke i antal faglege årsverk dei siste åra, og har for 2022 rapportert 7,4 prosent fleire faglege årsverk enn for 2021 (DBH, alle finansieringar). UiS sitt 2022-resultat på denne styringsparameteren viser ein markant nedgang frå tidlegare år, men framleis noko over gjennomsnitt for dei statlege institusjonane.

Andel kvinner i dosent- og professorstillingar

Styringsparameter	2019	2020	2021	2022	Gj.sn. statl. inst. 2022
Andel kvinner i dosent- og professorstillingar	34,4	35,58	37,10	36,62	36,13

Andel kvinner i dosent- og professorstillingar er framleis for låg ved UiS. 2021 var eit mellombels toppår, medan skår på parameteren fall med om lag 0,5 prosentpoeng i 2022. Kvinneandelen for desse stillingane ligg noko over gjennomsnitt for dei statlege institusjonane (DBH). I eit lengre tidsperspektiv, har skår på denne parameteren auka nesten kvart år sidan 2012, og utviklinga er positiv for tilsetjingar av kvinner i dosent- og professorstillingar.

Andel mellombels tilsette i undervisnings- og forskarstillingar

Styringsparameter	2019	2020	2021	2022	Gj.sn. statl. inst. 2022
Andel mellombels tilsette i undervisnings- og forskarstillingar	13,8	11,21	12,21	11,81	11,78

For 2022 har UiS rapportert 11,81 prosent mellombelse årsverk, og har oppnådd ein reduksjon på 0,4 prosentpoeng sidan 2021. UiS låg på femteplass (av ti) ved rangering av universiteta med lågast andel mellombels tilsette i denne stillingskategorien. For ti år sidan hadde UiS om lag 17 prosent mellombels tilsette i undervisnings- og forskarstillingar. Utviklinga har gått seint, men i positiv retning, og UiS ligg no nær gjennomsnitt for statlege institusjonar på denne parameteren.

UiS har frå hausten 2021 praktisert eit institusjonelt prinsipp om at ein ved tilsetjing av forskarar til eksternt finansierte forskingsprosjekt med ei varigheit på meir enn to år, skal vurdere om fast tilsetjing

er mogleg. Før eventuell kunngjering av fast stilling, må fakultetsleiinga drøfte om forskingsområdet til stillinga er i samsvar med strategiske satsingsområde.

Andel av samlingane og objekta ved universitetsmuseet som er tilstrekkeleg sikra og bevart

I 2022 starta UiS ein prosess for revisjon og fornying av rutinar, retningslinjer og rammeavtalar knytte til sikring. Ved sida av å forankre UiS sitt sentrale system for generell kriseberedskap- og handtering, har Arkeologisk museum (AM) innhenta innspel og erfaring frå lokalt brannvesen og nettverk for beredskap innan kulturvern-feltet. Basert på denne kunnskapskartlegginga skal den overordna sikringsstrategien og beredskapsplanane til museet reviderast i 2023. Sikringsnivået og ambisjonar for komande år, ligg høgt med unntak av vasskaderisiko.

Tilfredsstillande sikring	Kulturhistoriske samlingar	
	Resultat 2022	Ambisjon 2023
Skalsikring (%)	90*	100
Tjuverisikring (%)	90*	100
Brannsikring (%)	90*	100
Vasskaderisiko (%)	65*	65
Rutinar og beredskap (%)	90*	100

I 2022 har museet hatt stor tilvekst med over 21 000 nye gjenstandar til samlingane. Totalbestanden er over 1,5 millionar gjenstandar. Dei siste ti åra har AM tatt mot 917 gjenstandar funne ved metallsøking i Rogaland. Per februar 2022 var ca. 50 prosent av alle metallsøkarfunn konservert og katalogisert. Dei resterande blir ferdigkonserverte i 2023. I det naturvitskaplege magasinet har museet tatt mot, og magasinert, materiale frå 63 ulike saker som inngår i museet sitt forvaltingsområde. I 2022 har vitskapleg arkiv innlemma 2 398 nye foto, og totalbestanden i arkivet er no 214 933. Av desse utgjer 278 nye gjenstandsfoto. Nesten alle nye foto blir webpubliserte på Digitalt Museum (>99 prosent). Sjå vedlegg for samla oversikt over sikring og bevaring ved Arkeologisk museum.

3.2 Utviklingsavtale 2021–2022

I den toårige utviklingsavtalen med departementet har UiS prioritert utviklingsmål/delmål på tre av dei seks satsingsområda i Strategi 2030; grøn omstilling, eit ope universitet og eit godt lærings- og arbeidsmiljø. Nokre av dei kvantitative måleparametrane som inngjekk i avtalen, har universitetet ikkje klart å utvikle, og dei er derfor erstatta med ei kvalitativ vurdering av måloppnåing.

3.2.1 Grøn omstilling

Utviklingsmål	Delmål 1	Delmål 2	Skildring
UiS skal bidra til å omstille samfunnet gjennom forskning, kunstnarisk utviklingsarbeid, utdanning og innovasjon.	UiS skal inkludere grøn omstilling i utdanningane.	UiS skal bidra til grønn omstilling gjennom forskning og innovasjon.	Inkludere berekraft og omstillingskompetanse i læringsutbytteformuleringane i studieplanane. Utvikle to tverrfakultære valemne med fokus på grønn omstilling, eitt på bachelornivå og eitt på masternivå. Etablere tverrfakultære forskingssamarbeid som inkluderer omstilling og berekraft. Utvikle eit mål for korleis forskning påverkar omstilling (impact).

Måloppnåing

Delmål 1, måleparametrar:

Antal studiar der berekraft og omstillingskompetanse er inkludert i utdanningane	Erstatta med kvalitativ vurdering, sjå tekst.
Antal studentar som har tatt dei tverrfakultære emna	Ikkje oppfylt pr 2022.

Grøn omstilling står i kjernen av Strategi 2030. UiS arbeider for ei meir berekraftig samfunnsutvikling og nye måtar å forvalte naturressursar på, og eit strategisk mål er å tilby tverrfaglege studieprogram der vi vektlegg kompetanse innan berekraft. Hausten 2022 blei det oppstart for det første kullet på den nye bachelorgraden innan batteri- og energiteknologi.

Arbeidet med å inkludere grøn omstilling i utdanningane blei intensivert i 2022. Ei tverrfagleg samansett arbeidsgruppe har utarbeidd emneplan for eit ti studiepoeng bacheloremne i berekraft og grøn omstilling. Emnet blir tilbydd frå hausten 2023. I 2022 starta også arbeidet med å utvikle masteremnet. Emna er tverrfaglege, med bidrag frå samfunnsvitskaplege, humanistiske, økonomiske og naturvitskaplege fagområde. Dei er innretta mot å løyse samfunnsutfordringar knytte til endringar i klima og miljø og skal tilbydast som valfag for studentane i flest moglege studieprogram.

Sidan emna enno ikkje har starta opp, er det ingen studentar som har tatt emna per 2022.

Delmål 2, måleparametrar:

Tildelingar knytte til Horisont Europa	35,3 millionar kroner
Tildelingar frå Noregs Forskringsråd der minst ein organisasjon utanfor academia er partner	105,9 millionar kroner

UiS og regionen har no posisjonert seg godt gjennom deltaking i to av EUs samfunnsoppdrag innan Horisont Europa. UiS har jobba tett med Stavanger kommune, og det er inspirerende at Stavanger no er peikt ut til å bli ein av dei 112 klimanøytrale byane innan 2030. Relatert til samfunnsoppdraget om 150 klimatilpassingsdyktige regionar, har UiS også jobba tett med Rogaland fylkeskommune. Forskarar frå UiS er aktive i Klimatilpassingsforum som er etablert i regionen. EU-nettverket Horisont Rogaland har bidrege til dette samarbeidet rundt samfunnsoppdraga, og mobilisert sentrale aktørar i regionen for arbeid opp mot jordhelse (A Soil Deal for Europe) der det skal etablerast 100 living labs. Alle desse tre samfunnsoppdraga er viktige for grøn omstilling. Dette betyr at regionen no er godt mobilisert for framtidige søknadsmoglegheit innan Horisont Europa.

I 2022 blei Stavanger vald ut som eit av fem fyrtårn for New European Bauhaus (NEB). Satsinga har fått namnet NEB STAR, og UiS inngår som partner. Det er strategisk viktig at dette Horisont Europa-prosjektet blei innvilga. New European Bauhaus (NEB) er ei viktig europeisk satsing, og med dette har UiS og andre regionale aktørar posisjonert seg godt. NEB skal gje ein kulturell og kreativ dimensjon til European Green Deal, og tar sikte på å forbetre offentlege rom og bygg. UiS er arbeidspakkeleiar for innbyggjarinvolvering. Dette er viktig i alle samfunnsoppdraga, og UiS er godt posisjonert med kompetanse innan dette feltet.

Fleire av UiS sine nye Horisont Europa-prosjekt bidreg til grøn omstilling. I tillegg til NEB-STAR er både *Strategies and tools for incentivization and management of flexibility in energy communities with distributed resources* (Reschool) og *Twinning to Sustainable Energy Transition* (Twinn2SET) innan Energi (inkludert samfunnsforskning). Forskingssenteret Greenhouse har òg eit Marie Curie Doctoral Fellowship som er relatert til miljøhumaniora og klima.

The Greenhouse blei etablert som forskingsgruppe i 2017, og markerte seg raskt på verdsbasis som eit leiande fagmiljø innan miljøhumaniora. I 2022, same året som forskingsgruppa fylte fem år, blei Greenhouse vidareført som eit forskingssenter ved UiS.

UiS har etablert eit tverrfagleg nettverk for grøn omstilling, kalla «Grøn omstillingslab» (GOL). Laben skal forme og verkeleggjere satsinga og bidra til at universitetet jobbar målretta mot å ta meir samfunnsansvar i det grønne skiftet. I 2022 har laben fått på plass ei stipendordning for grøn omstilling

der tilsette og studentar kan søke om midlar til nye initiativ med ein tydeleg relasjon til berekraft og grøn omstilling.

Eit av UiS sine tiltak i utviklingsavtalen var å utvikle eit mål for korleis forskning påverkar omstilling (impact). Status for tiltaket er eit nytt sett med indikatorar som dekker eit breitt spekter av aktivitetar og resultat, og er gruppert i fire kategoriar; finans, menneske, nettverk og kommersialisering. Dette utgjer strukturen for KPI for innovasjon (KPII). I løpet av 2022 blei det lagt eit datagrunnlag basert på resultat frå 2020 som blei anvende i utforminga av måla for KPII for 2023. For etterfølgande år skal det definerast mål på fakultetsnivå.

UiS leverte 65 nye forretningsidear frå forskarar og studentar til Validé i 2022. Validé er kjend med ytterlegare 32 idear, som sprang ut frå innovasjonskurset for ph.d. og samtalar med forskarar. Det blei levert 13 patentsøknader med utspring frå UiS, inngått tre lisensavtalar og tre bedrifter er etablerte. Forskingsbaserte selskap knytte til Validé TTO henta inn 145 millionar kroner i 2022. Bedriftene som er etablerte, bidreg til grøn omstilling, utvikling og kvalitetssikring av kunnskap. Dei tre siste kommersialiseringane frå UiS heiter DiveOpp, Wikit og Oceanblue.

Gjennom prosjektet *Bærekraftsforskning for alle* bidreg UiS gjennom universitetsbiblioteket til ei kartleggings- og gjenfinningsteneste for vitskapelege publikasjonar knytte til FN sine berekraftsmål. Tenesta er utvikla i samarbeid med Universitetet i Bergen og Høgskulen på Vestlandet.

UiS arrangerte grøn veke for første gong i 2022. Under grøn veke blei det retta merksemd på korleis ein kan ta meir grønne val på matfronten. Det blei oppmoda om å ete grønt i kaféane, og det blei gjennomført fleire arrangement der ein kunne lære meir om berekraftig mat. Til dømes blei det gjennomført kurs i heimekompostering og om korleis ein kan lykkast med plantebasert kosthald.

3.2.2 Eit ope universitet

Utviklingsmål	Delmål 1	Delmål 2	Skildring
UiS skal vere samarbeidsorientert, raust og inkluderande, og legge til rette for levande møteplassar for kritisk refleksjon, kunnskapsdeling og danning.	Universitetets utdanningar skal ha utvida samarbeid med arbeidslivet.	UiS skal vidareutvikle open vitskap og framifrå formidling.	Utdanningane skal i løpet av avtaleperioden få klarare arbeidsrelevans gjennom utvida samarbeid med arbeidslivet, utfordringsbaserte og tverrfaglege løysingar nasjonalt og internasjonalt. UiS skal ha tilbod om praksis i alle studieprogram. UiS skal prege samfunnsdebatten gjennom jamlege bidrag i medium med stort gjennomslag. Alle publiseringar skal ha open tilgang.

Måloppnåing

Delmål 1, måleparametrar:

Antal bachelor/master/ph.d.-avhandlingar/oppgåver saman med arbeidslivet	211 bachelor- og masteroppgåver i samarbeid med eksterne i 2022 (170 i 2021)
Antal studieprogram med tilbod om praksis i arbeidslivet	Erstatta med kvalitativ vurdering, sjå tekst.
Andel masterstudentar i relevant arbeid eit halvt år etter fullført utdanning	Ingen nye resultat i 2022, undersøkinga går anna kvart år.
Tildelingar knytte til Erasmus+ og andre konkurransearenaer	36,5 millionar kroner

UiS legg vekt på at studentane får fleire moglegheiter til samarbeid med arbeidslivet, blant anna gjennom gjesteforelesarar, oppgåveskriving i samarbeid med arbeids- og næringsliv, case-arbeid, hackathon med eksterne partnarar og praksis. For å styrke arbeidslivsrelevansen i utdanningane arbeider fakulteta med å tilby meir arbeidspraksis i studia. Det er ei prioritert oppgåve å arbeide med kvalitet i praksisopphald og samanheng med studieprogramma.

InGenious-programmet bygger opp om UiS som eit ope universitet, og 250 studentar har gjennom 2022 jobba med 40 utfordringar som er melde inn frå eksterne verksemder. Studentar har reist på studieturar til ulike delar av næringslivet i regionen og både etablerte bedrifter og StartUps har bidrege med utfordringar. Gjennom ECIU University sin utfordringsbaserte metodikk kjem studentar også tett på reelle utfordringar, i eit internasjonalt perspektiv.

Ekstern finansiering

For å lykkast med måla i Strategi 2030 og tilhøyrande handlingsplanar er aktiv deltaking på nasjonale og internasjonale konkurransearenaer for utdanningsprosjekt viktig. Arbeidet med å vidareutvikle verktoy som støttar prosjektleiingar i søknadsfasen og fram til kontraktsinngåing heldt derfor fram i 2022. Universitetet tok del i totalt 16 prosjektsøknader til Erasmus+ i 2022. Det er ein auke på totalt seks søknader samanlikna med 2021.

- Erasmus+ Samarbeidspartnarskap

UiS tar del i totalt åtte søknader, fem innvilga, kontraktsverdi for UiS 5,3 millionar kroner.

- Erasmus+ Europeisk mobilitet for studentar og tilsette i høgre utdanning

UiS sende inn og fekk innvilga søknad for dette tiltaket. Tildeling 7,7 millionar kroner.

- Erasmus+ Global mobilitet i høgre utdanning

UiS sende inn og fekk innvilga søknaden for dette tiltaket. Tildeling 1,7 millionar kroner.

- Erasmus Mundus Design Matters

UiS tok del som assosiert partner i to søknader som begge fekk tildeling.

- Erasmus+ europeiske universitet

Prosjektsøknaden frå ECIU University blei innvilga med 14,4 millionar Euro over ein fire års periode. Kontraktsverdien for UiS er 5,9 millionar kroner.

Universitetet tok del i totalt 14 søknader om nasjonale program i 2022, tre av dei blei innvilga.

- *UTFORSK*, UiS sende seks søknader på programmet og fekk innvilga éin med ein kontraktsverdi på 3,0 millionar kroner.

- Nordplus, UiS sende to søknader, som blei innvilga med ein total kontraktsverdi på 480 784 kroner. I tillegg sende UiS søknader om støtte frå *Fleksible studietilbod, Program for kvalitetsutvikling av praksis i lærarutdanningane og Senter for framifrå utdanning* utan å få tilslag.

Ved utgangen av 2022 er det 58 aktive eksternfinansierte utdanningsprosjekt ved universitetet, 27 innan Erasmus+, fem innan NORHED og 26 innan program forvalta av HK-dir. Totalt fall tildelinga frå desse kjeldene til utdanningsprosjekt frå 44,5 millionar kroner i 2021 til 36,5 millionar kroner i 2022. Dette er likevel nesten det doble i høve til måtalet på 19,8 millionar kroner i 2024.

Delmål 2, måleparametrar:

Antal mediebidrag i sentrale media nasjonalt og internasjonalt	Denne måleparameteren har ikkje universitetet lykkast i å utvikle i avtaleperioden.
Delen publiseringar med open tilgang	65 prosent

UiS har tradisjon for å vere bevisst rolla som samfunnsbygger, og den strategiske ambisjonen om å vere eit ope universitet har forankra og forsterka dette. UiS er med på å prege samfunnsdebatten gjennom hyppige bidrag i lokale, regionale og nasjonale media. Rektor, Klaus Mohn, er blant anna fast gjesteskrivent i Morgenbladet og Aftenbladet. Denne arenaen blir særskilt nytta for å sette fokus på viktige saker som helsetenesteforskning og grøn omstilling.

UiS har skrive under den norske NOR-CAM avtalen og den europeiske avtalen (European Agreement on Reforming Research Assessment). Med desse avtalane forpliktar UiS seg til å utvikle gode prosessar for breiare vurdering av karrierar og prosjekt i norsk akademia. Open forskning skal vektleggast ved vurdering, og UiS må rapportere årleg om oppfylling og strategiar for å nå måla i dei to avtalane. Det er eit mål at all publisering frå UiS er ope tilgjengeleg innan 2024. Open publisering måler ein berre for vitenskaplege artiklar (ISSN) og den viser ein svak nedgang frå 72 prosent i 2021 til 65 prosent i 2022. Gull OA har auka med 3,6 prosent frå 2021 til 2022. Det er eit mål for UiS at auken i open publisering

skjer som Gull, Grønn eller Diamant OA. Det er òg eit mål for universitetet at andelen vitenskaplege publikasjonar med internasjonal sampublisering skal vere 50 prosent. Førebelse tal for 2022 viser at vi no har nådd 51,7 prosent, noko vi er sær s nøgde med.

Gjennom fleire år har UiS prioritert tiltak for å utvikle debattarenaer, både eigne og i samarbeid med eksterne aktørar. Verdiskapingsforum ved UiS støttar opp om dette, med opne seminar i tillegg til medlemsmøte og samhandlingsgrupper. Tema for fjorårets opne seminar var kunnskap og kompetanse i energiomstillinga.

Vitenskapleg tilsette kommuniserer vitenskaplege resultat, arbeidsmåtar og haldningar, og deltar i samfunnsdebatten med forskingsbasert argumentasjon. Denne aktiviteten blir utøvd på ulike arenaer og i dag registrert i ulike formidlingskategoriar i Cristin-database som konferansebidrag og fagleg presentasjon, rapport/avhandling, mediebidrag, kunstnarisk og museal presentasjon og produkt. Antal formidlingsbidrag for 2022 var omtrent på same nivå som i 2021, 2 847 bidrag. Målet for 2024 er sett til 3 000 formidlingsbidrag.

UiS er medarrangør for økonomifestivalen Kåånomics, som i 2022 hadde 6 600 vitjande på 77 arrangement. I 2022 blei det lagt arrangement også til andre kommunar i regionen i opplading til festivalen. Suksessen er blant anna tanke- og samtalerommet som oppstår mellom paneldeltakarane og publikum, heilt i tråd med UiS sitt mål om å legge til rette for levande møteplassar for kritisk refleksjon, kunnskapsdeling og danning. Gjennom året blei det arrangert Steffens²-salongar som var gratis og opne for alle. Salongane blei arrangerte i Steffens si ånd og med tema som på eit eller anna vis var knytt til Steffens sitt liv og virke. Døme på tema frå salongane i 2022 var ytringsfridom, den norske Grunnlova og pedagogikk.

Universitetsbiblioteket (UBiS) har utvida verksemda si innan forskingsformidling og har i 2022 hatt 140 arrangement av totalt ulik karakter og av høg kvalitet. Nokre døme på forskingsformidling i 2022:

- Forskarfrukost
- Paneldebatt «Havet og grøn omstilling»
- Stressmeistring
- Velferdsuniversitetet
- Forskingsdagane
- Open Access Week
- Brain Bugs

UBiS var det første universitetsbiblioteket i Noreg som heldt ope heile døgnet for studentar og tilsette. Ved UBiS kan ein få rettleiing i open publisering, og UiS har auka den opne publiseringa både for eigenarkivering, gull- og diamantpublisering. UBiS driv to digitale plattformer for open publisering og intensiverer denne satsinga i tråd med Plan S.

UiS har eit sterkt engasjement for ytringsfridom, demokratiske verdiar og menneskerettar. Gjennom 2022 har dette kome til syne gjennom både ord og handlingar. UiS melde inn kapasitet til å ta imot ukrainske flyktningar, fordømde invasjonen av Ukraina og løyvde 2,5 millionar kroner til ukrainske og opposisjonelle russiske forskarar på flukt. Situasjonen i Iran har også engasjert tilsette på UiS, og på årsfesten til universitetet i oktober heldt professor Marianne Hafnor Bø hovudtalen, der ho sette kvinnekamp og opptøyane i Iran inn i eit større perspektiv.

Med 617 internasjonalt tilsette i 2022 har UiS hatt ein gledeleg auke i dette talet dei siste fem åra. Denne utviklinga underbygger at vi har lykkast med satsinga på å vere eit ope universitet.

² [Henrik Steffens](#)

3.2.3 Eit godt lærings- og arbeidsmiljø

Utviklingsmål	Delmål 1	Delmål 2	Skildring
UiS skal vere ein stad der framifrå prestasjonar blant studentar og tilsette blir støtta opp av eit godt lærings- og arbeidsmiljø.	UiS skal betre student-tilfredsheita.	UiS skal utvikle eit attraktivt universitetsområde.	I løpet av planperioden skal studentane oppleve auka tilfredsheit med universitetet sitt tenestetilbod. UiS skal i løpet av perioden ha iverksett dei mest prioriterte innsatsområda i campusutviklingsplanen. UiS vil opne opp førsteetasjane i dei bygga som ligg langs universitetsaksen for å synleggjere aktivitet og etablere eit studentaktivt læringsstrøk.

Måloppnåing

Delmål 1, måleparametrar:

«Alt i alt – tilfredsheit» (Studiebarometeret)	3,71
Studentmedverknad (Studiebarometeret)	3,1

UiS skal vere ein stad der framifrå prestasjonar blant studentar og tilsette blir støtta opp av eit godt lærings- og arbeidsmiljø. UiS skal vere eit attraktivt universitet å studere og arbeide ved. Gjennom høg kvalitet i kjerneoppgåvene våre skal vi tiltrekke oss ambisiøse studentar og tilsette. Vi skal utvikle kultur for tverrfagleg kompetanse og samarbeid.

2022 markerte overgangen frå smittevernregime til ei normal drift. Universitetet starta året med fysiske avgrensingar for studentane på grunn av smittevernreglar fastsette i desember 2021. Kapasiteten i undervisings- og eksamensareala var noko avgrensa for å hindre smitte, og undervisninga blei gjennomført som ei blanding av fysisk og digital undervisning. I løpet av vårsemesteret blei avstandsavgrensingane for studentar og tilsette fjerna og reglane for undervisninga i hovudsak tilbakeført til normalen.

Resultat frå Studiebarometeret syner at studentane framleis er gjennomgåande mindre nøgde med digital undervisning enn med undervisning på campus, og finn den digitale undervisninga mindre motiverande for fagleg arbeid og diskusjon. Studentane føretrekker å vere fysisk til stades og ønsker førelesingar på campus.

Studieportefølje- og kvalitetsrapporteringa frå fakulteta syner høg merksemd og aktivitet knytt til arbeidet med lærings- og arbeidsmiljøet. Fageiningane gjev høg prioritet til tiltak for å auke kollokvie- og gruppearbeidsverksemda, å tilsette fleire studentassistentar og styrke mentorordninga, og å betre studentane si medverking, mellom anna gjennom tillitsvaltordninga.

Skåren for korleis studentane oppfattar studiekvaliteten (Alt-i-alt tilfreds i Studiebarometeret) samla for UiS fall i 2022 frå 3,9 til 3,7. Ifølgje NOKUT er det ein nasjonal trend at skåren på denne parameteren fall i undersøkinga i 2022. Samstundes skårar universitetet betre på dei aller fleste hovudområda i 2022 enn i 2021. Skåren på studentane si medverking er 3,1, det same som i 2021 og litt betre enn det nasjonale gjennomsnittet.

Bibliotektenestene spelar ei viktig rolle for kvaliteten i læringsmiljøet. Resultata i Studiebarometeret syner at studentane ved UiS er særleg nøgde med Universitetsbiblioteket i Stavanger sine lokale og tenester. Derfor var det særleg alvorleg at biblioteket måtte halde stengt i desember grunna funn av asbest i lokala. Universitetsbiblioteket har i 2022 etablert ein teikneseriekrok med faglege kvalitetsteikneseriar. Teikneseriar blir no brukte til å formidle vanskeleg fagleg stoff og har sin eigen sjarm og kvalitet.

Universitetsbiblioteket har hatt stor stigning i rettleiing og kursing blant anna i akademisk skriving, informasjonshandtering og kjeldekritikk. I 2022 blei det gjennomført totalt 244 kurs med 5 291 deltakarar. I tillegg var det 750 deltakarar på avtalte individuelle rettleiingar.

Universitetsbiblioteket har redaktøransvar for nettressursen kildekompasset.no som blir brukt overalt i verda og i 2022 har hatt 2,8 millionar besøk. Dette er det mest brukte verktøyet i Noreg innan kjelde- og referansehandtering. Universitetsbiblioteket lanserte i slutten av 2022 eit nytt digitalt verktøy som kan brukast av alle utdanningsinstitusjonar i Noreg og er ope tilgjengeleg: [Smart Start](#). Det er ein reiskap innan kjeldehandtering med det formålet å auke studenten sin studiekompetanse og dermed gjennomføringsevne.



Delmål 2, kvalitative måleparametrar:

Eit aktivt miljø for studententreprenørskap – status

Lyspæren ved UiS er eit sambruksareal for innovasjon, entreprenørskap og berekraft. I løpet av 2022 har Lyspæren jobba aktivt for å legge til rette for entreprenørskap og danne innovasjonsaktivitetar. Til dømes har Lyspæren og UiS e-sport, saman med e-sportsenteret Haven, fått 700 000 kroner frå Stavanger kommune til å finansiere eit toårig prosjekt for å fremme e-sport i regionen og å minske utanforskap som følge av koronapandemien.

Gründerinkubatoren LevelUp lanserte våren 2022 inkubatorprogrammet StartUp-Booster for studentar med ein idé eller studentdrivne selskap som ønsker å teste og vidareutvikle idéen sin. Studentane går gjennom eit skreddarsydd program som tar for seg ulike fasar av oppstart og utvikling av eit produkt eller ei teneste. I løpet av 2022 har programmet gått frå testpilot til eit større program, og 36 innovative studentar har per i dag gjennomført programmet. Det har blitt gjennomført to Hackathon innan tema opne data og FN's 17 berekraftsmål. Begge blei arrangerte saman med næringslivet. Planlegging for eit nytt Hackathon i samarbeid med Innoasis og Nordic Edge er allereie sett i gang i 2022.

Bygolvjet og læringsstrøk – status

Kontrakt for bygging av nytt velferdshus for studentane blei inngått mellom Studentsamskipnaden og entreprenør på slutten av 2022. Bygget kjem til å bli den nye storstova for studentane, og «bygolvprinsippa» blir avspegla i 1. og 2. etasje. Planlagt ferdigstilling er i slutten av 2024.

For kaféprosjektet i Hagbard Line hus blei det ein bråstopp, grunna for høge kostnader per kvadratmeter. Prosjektet har blitt «trimma» vesentleg ned og er planlagt ferdigstilt i løpet av 2. kvartal 2023.


Vidare har ein ferdigstilt ombygging av areala til fellesadministrasjonen på det teknisk-naturvitenskaplege fakultet i Kjølvs Egelands hus. Openheit og tilgjengelegheit for studentane er vektlagt. Tidlegare areal for tilsette i underetasjen i Kitty Kiellands hus blei ombygd til eit nytt klasserom og grupperom for studentar. Eit stort undervisningsrom i Arne Rettedals hus og eit stort rom i Kjølvs Egelands hus har også blitt oppgraderte for å styrke eit godt lærings- og arbeidsmiljø. Det kan òg nemnast at undervisningsrom og fellesareal har blitt oppgraderte med ca. 250 stikkontaktar, noko som har vore eit sterkt ønske frå studentane.

3.3 Andre verksemdsmål

Energi, helse og velferd, og læring for livet er dei tre faglege satsingane i gjeldande verksemdstrategi. Desse områda var ikkje inkluderte i førre utviklingsavtale med Kunnskapsdepartementet, men strategien dannar grunnlag for verksemdmåla også for desse satsingane.

Det har gjennom 2022 vore arbeidd med datagrunnlag for nokre av UiS sine eigne måleparametrar for dei strategiske satsingane. I denne årsrapporten bidreg desse tala for første gong til vurderingar av resultatutvikling og strategioppfølging. Det har vore utfordrande å kategorisere tildelingar av ekstern finansiering. Eit prosjekt kan potensielt gje bidrag til meir enn eitt strategiområde, men økonomisystemet avgrensar kor mange koplingar som kan registrerast.

Sjølv om verksemdstrategien ikkje inneheld eksplisitt mål om auka ekstern finansiering, impliserer dei strategiske satsingane ein ambisjon om fleire tildelingar frå eksterne finansørar. Måleparametrane for ekstern finansiering til dei faglege satsingane har blitt avgrensa til konkurransearenaer (NFR, EU m. fl.), og finansiering frå ordningane DEKOM³, REKOM⁴ og Kompetanseløftet. Tala inkluderer finansiering til forskingsprosjekt og innovasjon og utdanning. Samla har om lag 70 prosent av tildelingane dei siste tre åra, tema innanfor UiS sine faglege satsingsområde, medan 30 prosent av tildelingane var relatert til andre faglege tema.



Samla tildelingar frå konkurransearenaer i 2022 viser ein reduksjon på 44 prosent samanlikna med 2021. Datagrunnlaget er tildelingar / nye prosjekt registrerte i UiS sitt økonomisystem. Parametrar baserte på tildelingar, kan pregast av større svingingar enn parametrar baserte på inntektstal, som prosjektfinansiering fordelt ut over ein kontraktsperiode.

På utdanningsområdet kan måleparameteren antal søkarar per studie plass indikere kor attraktive UiS sine utdanningar er på dei tre faglege strategiområda. Utviklinga dei siste tre åra er negativ, med størst reduksjon for helse og velferd, målt ved søkarar per studie plass til profesjonsutdanningane, følgt av energi (studieprogram som inkluderer emne innanfor fornybar energi).

Søkarar per studie plass	2020	2021	2022	Endr. 21–22
Energi utd. inkl. fornybar energi	14,59	14,38	11,63	-19 %
Helse og velferd, prof. utd.	19,26	16,43	12,87	-22 %
Læring for livet, GLU, bhg., lektor	8,97	8,92	7,94	-11 %

³ DEKOM – desentralisert ordning for kompetanseutvikling i grunnskolen

⁴ REKOM – Regional ordning for kompetanseutvikling i barnehagar

Rangering på Times Higher Education Impact Rankings

Universitetet i Stavanger har dei siste to åra deltatt på rangeringane Times Higher Education (THE) World Rankings og THE Impact Rankings. Verksemdstrategien er prega av mål om samfunnseffektar, og deltaking på Impact-rangeringa blei valt som eit mogleg uttrykk for universitetet sitt bidrag frå strategi til berekraftsmål.

UiS har deltatt på fire av delrangeringane i THE Impact. Dette er minimum for å kunne delta. Delrangeringane er knytte til dei ulike berekraftsmåla (SDG). I 2022-rangeringa fekk UiS desse plasseringane:

SDG 3 God helse og livskvalitet (UiS skår 66,2 (av 100), plassering på intervallet 301–400)

SDG 4 God utdanning (UiS fekk skår 53,5, plassering 401–600)

SDG 7 Rein energi til alle (UiS fekk skår 54,8, plassering 301–400)

SDG 17 Samarbeid for å nå måla (UiS fekk skår 60,4, plassering 401–600)

Basert på desse fire delrangeringane fekk UiS ei plassering på intervall 601–800 (av 1410 institusjonar) på den samla Impact-rangeringa, med ein samla skår på 61,5 (av 100).

3.3.1 Energi

UiS har ein ambisjon om at universitetet sin kompetanse skal bidra til omstillingsbehov i energiforsyninga. Arbeidet med denne delen av samfunnsoppdraget skal universitetet innrette mot tre delmål:

1. kunnskap som stimulerer til raskare omstilling av energiforsyninga globalt til meir berekraftige energiløysingar
2. ein breiare energiprofil med tverrfaglege perspektiv
3. vere ein pådrivar og attraktiv samarbeidspartnar for samfunns- og arbeidsliv

Tildelingar frå eksterne konkurransearenaer til innovasjon, forskning og utdanning

Energi	2019	2020	2021	2022	Endr. 21–22
Tildelingar frå eksterne konkurransearenaer innan innovasjon, forskning og utdanning (energiområdet, mill. kr.)	na	60,50	130,10	89,80	-31,0 %

*Periodisering jamfør prosjektregistrering i økonomisystem

Oppnåinga av delmåla blir avspegla i prosjekttildelingar frå eksterne konkurransearenaer (nasjonale, internasjonale, offentlege instansar eller privat næringsliv) som skal bidra til berekraftige energiløysingar, og som støttar tverrfaglege perspektiv. Tabellen over viser resultat for 2022 samanlikna med tidlegare år. Tala for 2022 viser ein nedgang i tildelingar på energiområdet frå 2021, trass i høg søknadsaktivitet. Forskjellen kjem hovudsakleg av færre tildelingar frå Forskningsrådet.

Energi	2020	2021	2022	Endr. 21–22	Sum 20–22
Tildelingar, samla	60 538	130 120	89 835	-31 %	280 493
Derav NFR	23 768	114 807	74 429	-35 %	213 004
Derav EU	6 134	1 597	10 363	549 %	18 094
Frå andre finansiørar	30 636	13 716	5 043	-63 %	49 395

(tal i 1000 kr)

Den største tildelinga på energiområdet i 2022 er opprettinga av Nasjonalt senter for berekraftig utnytting av energiressursar på norsk sokkel (NCS2030). Senteret starta aktivitetane sine i 2022 og har fått økonomisk støtte frå NFR på 50 millionar kroner over fem år. I tillegg kjem bidrag frå alle partnarane. Saman med NORCE, Institutt for energiteknikk (IFE) og Universitetet i Bergen (UiB) skal UiS finne løysingar som maksimerer verdiskapinga av energiressursane på norsk kontinentalsokkel, og samtidig jobbar mot målet om nullutslepp.

I tillegg er UiS partnar i fleire prosjekt som, i tråd med Strategi 2030 og universitetet sin handlingsplan, bidreg til vidare å spisse satsingane innanfor energifeltet og å styrke deltakinga i Pillar 2 (Horisont Europa). Desse prosjekta omfattar solenergi, karbonfangst og lagring, berekraftige energisystem, produksjon av hydrogen og geotermisk energi. Det har vore ei positiv utvikling i støtte

frå europeiske finansieringsordningar i 2022 samanlikna med 2021. UiS blei òg partner i den NFR-finansierte forskarskolen *Empowering Futures* som gjev ph.d.-kandidatar kunnskap og kompetanse om energiomstilling.

Energiområdet ved UiS er sterkt knytt til grøn omstilling, og står heilt sentralt i Strategi 2030 som ei tverrgåande satsing med verknad for alle fag- og verksemdområde. UiS vil etablere nye studium som engasjerer studentar til å vere med å lage energisystem for framtida. Bachelorprogrammet i batteri- og energiteknologi, som svarer direkte på etterspørsel etter kompetanse som trengst for å bygge nye, grønne næringar, hadde første opptak av studentar hausten 2022. Det same hadde masterprogrammet i energi, reservoar og geovitskap som skal utdanne kandidatar som forstår kompleksiteten i, og det naudsynlege ved, overgang til ein berekraftig energimiks.

Måleparametrar utdanning

Energi	2019	2020	2021	2022	Endr. 21–22
Antal registrerte studentar innan energiutdanningane med studieprogram som inkluderer emne/tema innan fornybar energi, inkl. petroleumsfag	461	435	417	409	-1,9 %
Søkarar per studieplass til energiutdanningane med studieprogram som inkl. emne innan fornybar energi	15,43	14,59	14,38	11,63	-19,1 %
Min. skolepoeng, opptak bachelor studieprog. inkl. emne innan fornybar energi	43,00	39,30	44,10	36,60	-17,0 %

Antal registrerte studentar innanfor energiutdanningane har falle kvart år dei siste fire åra. Med 409 studentar i 2022 låg dette resultatet på under 90 prosent av 2019-nivået. Søkarar per studieplass til energiutdanningane fall relativt markant frå 2021 til 2022, men også her har UiS hatt jamn nedgang dei siste fire åra. For parameteren minimum skolepoeng ved opptak til bachelorutdanningane i energifag har 2021 hatt det beste resultatet dei siste fire åra, medan 2022 gav ein klar nedgang frå 44,10 til 36,60.

3.3.2 Helse og velferd

UiS har ein ambisjon om å vere leiande for utvikling av framtidens helse- og velferdstenester. Arbeidet med denne delen av samfunnsbidraget er retta mot tre delmål:

1. kunnskap som støttar opp om velferdssamfunnet for framtida, og bidreg til god folkehelse
2. utvikling av tverrfagleg kompetanse som møter utfordringar knytte til ressursknappleik og auka behov for helse- og velferdstenester
3. utvikling av teknologi og nye metodar som bidreg til eit framtidsretta og berekraftig helsevesen

Forskning og utdanning i skjæringspunktet mellom helse og teknologi har stor merksemd på universitetet og er viktig for å løyse utfordringane som helsevesenet står overfor dei neste åra. UiS bidreg til FN's berekraftsmål 3 (God helse og livskvalitet) og satsar breitt innan helse og velferdsforskning. Satsingsområde innan helse og velferd er kartlagde, og relaterte EU-mobiliserings- og posisjoningsaktivitetar har blitt sett i gang.

Kognitiv lab ved UiS, ein arena for tverrfakultært samarbeid innan kognisjons- og åtferdsforskning, blir bygd opp og jobbar aktivt med søknader til både Forskingsrådet og Horisont Europa. Saman med Nettverk for velferdsforskning, blir Kognitiv lab støtta gjennom dei forskingsstrategiske programma ved UiS. Nettverk for velferdsforskning har blant anna fokus på Horisont Europa, og har på kort tid bygd opp eit stort internt og eksternt nettverk kor dei har realisert mange søknader og prosjekt og dessutan arrangert workshopar. Begge blir rekna for å vere i ein oppstartsfase i forskingssamanheng, men har alle moglegheiter for å lykkast i posisjonering om framtidige EU-midlar.

Forskarar frå SHARE – Senter for kvalitet og sikkerheit i helsetenesta - har tatt del i fleire søknader til Horisont Europa og Forskingsrådet. Dei har i 2022 fått innvilga både eit *Samarbeidsprosjekt for å møte utfordringar i samfunn og næringsliv* frå Forskingsrådet og eit Horisont Europa Doctoral Network (Tools4Teams). No jobbar dei med ein EU-koordinatorsøknad til helse (klyngje 1) i 2023.

HelseCampus Stavanger (HCS) er ein innovasjons- og samskapingsarena for helsetenester, academia, næringsliv, pasientar og pårørande. UiS er ein av partnarane, og dette arbeidet er ein viktig del av oppfølginga av helse som eit strategisk satsingsområde for universitetet. HCS har mellom anna tilrettelagt for kunnskapsutvikling gjennom å vere vertskap for fleire nasjonale og internasjonale workshops og konferansar. HCS har bidrege til at ei rekke prosjekt i HCS-miljøet har kome vidare i sine prosessar. Mellom anna gjeld dette *Digital heimeoppfølging* og *Fleire gode dagar heime*. HCS har og støtta Fagskolen i Rogaland i å utvikle eit nytt studietilbod innan kliniske observasjonar og bidrog i prosessen med å sikre Fagskolen status som senter for framifrå høgare yrkesfagleg utdanning.

I 2022 fekk PROFRES status som ein nasjonal forskarskole med finansiering frå Forskningsrådet, for profesjonsretta og praksisnær forskning på områda helse, velferd og utdanning. Forskarskolen blei etablert i 2014 som eit felles initiativ frå UiS, Universitetet i Agder og Nord Universitet. PROFRES har no sju partnar-institusjonar, Universitetet i Sør-Aust Noreg, Høgskulen på Vestlandet, Høgskolen i Molde og Høgskulen i Volda, i tillegg til dei tre opphavlege partnarane. Høgskolen i Østfold er assosiert partnar.

I 2022 har Stavangerregionen fått status som ein 4-stjernes region under Active and Healthy Ageing-partnerskapet. Søknaden blei skriven av UiS og samlar heile økosystemet i regionen rundt forskning på aktiv og sunn aldring.

Tildelingar frå eksterne konkurransearenaer til innovasjon, forskning og utdanning

Helse og velferd	2019	2020	2021	2022	Endr. 21–22
Tildelingar frå eksterne konkurransearenaer innan innovasjon, forskning og utdanning (tema helse og velferd, mill. kr.)	na	59,40	71,20	41,94	-41,1 %

Helse og velferd	2020	2021	2022	Endr. 21–22	Sum 20–22
Tildelingar, samla	59 411	71 228	41 939	-41 %	172 578
Derav NFR	39 453	42 934	16 224	-62 %	98 611
Derav EU	7 539	-	8 369	-	15 908
Frå andre finansiørar	12 419	28 294	17 346	-39 %	58 059

(tal i 1000 kr)

Tal for måleparameteren om tildelingar frå eksterne konkurransearenaer for helse og velferd syner ein nedgang frå 2021. Det er mogleg at dette har samanheng med at UiS i 2020 og 2021 fekk tilslag på fleire pandemirelaterte utlysingar. Dei tematiske utlysingane vil ikkje alltid passe inn med den faglege vinklinga til forskarar ved UiS, og etter to år med gode tildelingar vil det vere ein aukande grad av forskarar som er aktive med desse prosjekta framfor å skrive nye søknader.

Måleparametrar utdanning

Helse og velferd	2019	2020	2021	2022	Endr. 21–22
Antal kandidatar med profesjonsutdanning innan helse og velferd	504	578	572	619	8,2 %
Søkarar per studieplass til profesjonsutdanning innan helse og velferd	20,85	19,26	16,43	12,87	-21,7 %
Min. skolepoeng, opptak bachelor prof. utd. helse og velferd	44,00	45,10	45,00	43,10	-4,2 %

Antal kandidatar med profesjonsutdanning innan helse og velferd viste ein klar auke frå 2021 til 2022. Søkarar per studieplass til profesjonsutdanning innan helse og velferd fall frå 16,43 i 2021 til 12,87 i 2022, som er lågaste resultat på denne indikatoren dei siste fire åra. Det same gjeld også for den siste indikatoren, minimum skolepoeng ved opptak.

I 2022 var distriktsvenleg sjukepleiarutdanning det mest omfattande tiltaket ved UiS for utvikling av fleksible, nettbaserte utdanningstilbod, som både skal gje utdanningstilbod til nye målgrupper og sikre utdanning av sjukepleiarar i distrikta. Prosjektet er ein modell for utvikling av andre fleksible, nettbaserte tilbod. 26 studentar frå Ryfylke-regionen fekk plass på studiet i 2022. Innhaldet og løysingane som blir utvikla, vil også bli nytta i den ordinære sjukepleiarutdanninga.

Det nye bachelorprogrammet i medisinsk teknologi hadde første opptak i 2022. Det var god søking til utdanninga, som er tverrfagleg og kombinerer avansert matematikk, fysikk, elektroteknikk og programmering med anatomi og fysiologi, medisinsk teknologiforvaltning og andre emne som er retta direkte mot medisinsk teknisk utstyr.

3.3.3 Læring for livet

UiS har ein ambisjon om å vere banebrytande på utdanningsfeltet gjennom å utforske og etablere nye måtar å samhandle på. For denne delen av samfunnsoppdraget har UiS tre delmål:

1. gjere det norske utdanningssystemet betre gjennom kjerneverksemd og samarbeid med styresmakter og praksisfelt
2. fleksible og ettertrakta utdanningar og partnerskap som sikrar relevans for arbeids- og samfunnsliv
3. kunstnarisk utviklingsarbeid og skapande prosessar gjennom innovasjon i grensesnittet kunst, kultur og samfunn

UiS skal utvikle ny kunnskap om læring og læringsmiljø til born og unge. For å lykkast med verksemdmåla er aktiv deltaking på nasjonale og internasjonale konkurransearenaer for utdanningsprosjekt viktig. I 2022 blei det søkt om og innvilga ekstern finansiering til fleire prosjekt innan studentaktiv læring, kvalitetsutvikling, forskarutdanning og kunstnarisk utviklingsarbeid.

UiS er involvert i to forskarskolar som fekk finansiering frå Forskingsrådet i 2022.

Forskarar som arbeider med utdanningsrelatert forskning, har hatt høg søknadsaktivitet i 2022 og vore suksessfulle hos regionale, nasjonale og europeiske forskingsfinansierande institusjonar. Eit døme på dette er samarbeidsprosjektet *Partners in practice* som fekk ei løyving på 10 millionar kroner frå Forskingsrådet. I dette prosjektet går forskarar, skolar og lærarutdanning saman om å utvikla skolens praksis. Elevmedverknad og motivasjon er sentrale omgrep i prosjektet, som er eit samarbeid mellom Lesesenteret ved UiS og Jærskulen. UiS blei òg deltakar i tre EØS-finansierte prosjekt der ein samarbeider om kvalitetsutvikling av realfagsundervisinga ved forskjellige barneskolar i Kroatia.

Som ein del av strategien læring for livet skal universitetet stimulere til kunstnarisk utviklingsarbeid og bidra til kreative og skapande prosessar i samfunnet gjennom innovasjon i grensesnittet kunst, kultur og samfunn. Prosjektet *All tomorrow parties* er eit døme på dette. Prosjektet fekk støtte frå HK-dir for å sjå på kva innverknad HIV- og AIDS-pandemien hadde på norsk dansescene og kulturliv på 1980- og 1990-talet. Prosjektet skal resultere i ei danseframvisning.

FILIORUM – senter for barnehageforskning har fått utvida finansieringsperioden sin med fem nye år etter å ha blitt evaluert av eit fagpanel utpeikt av Forskingsrådet. Senteret vil halde fram med arbeidet for å styrke kvaliteten i norske barnehagar, ved å bidra med nyskapande, praksisnær og relevant forskning på kvalitet for mangfald, innovasjon og politikktutforming. I åra som kjem, ønsker senteret å orientere seg meir internasjonalt og ta del i fleire EU-prosjekt. I 2022 har senteret fått finansiering frå Erasmus+ til fleire utdanningsprosjekt, som *INTERSTICE – artistic encounters between artists, children and educators*, og *SenseSquared – becoming through the senses. Towards artistic ways of being in the world*.

Tildelingar frå eksterne konkurransearenaer til innovasjon, forskning og utdanning

Læring for livet	2019	2020	2021	2022	Endr. 21–22
Tildelingar frå eksterne konkurransearenaer innan innovasjon, forskning og utdanning (tema læring for livet, mill. kr.)	na	154,80	198,20	103,90	-47,6 %

Tildelingar frå eksterne konkurransearenaer til innovasjon, forskning og utdanning innanfor temaet læring for livet fall frå 198,2 millionar kroner i 2021 til 103,9 millionar kroner i 2022. Tala inkluderer tildelingar frå DEKOM- og REKOM-ordningane, og Kompetanseløftet.

Læring for livet	2020	2021	2022	Endr. 21–22	Sum 20–22
Tildelinger, samla	154 807	198 185	103 914	-48 %	456 906
Derav NFR	29 613	106 469	13 128	-88 %	149 210
Derav EU	12 757	9 593	23 613	146 %	45 963
Frå andre finansiørar	112 437	82 123	67 173	-18 %	261 733

(tal i 1000 kr)

Gjennom kandidatane våre og partnerskap med praksisfeltet skal vi bidra til betre kvalitet i barnehagar og skular. Vi skal førebu menneske til eit samfunn i stadig endring, og tilby relevant utdanning for alle fasar av livet, noko som omfattar kunnskap om danning, demokrati og kultur- og historieforståing.

Måleparametrar utdanning

Læring for livet	2019	2020	2021	2022	Endr. 21–22
Antal kandidatar med profesjonsutdanning grunnskolelærar	490	195	355	390	9,9 %
Søkarar per studieplass til profesjonsutdanning lærar (GLU, førskole, lektor)	10,38	8,97	8,92	7,94	-11,0 %
Min. skolepoeng, opptak bachelor og master prof. utd. lærar (GLU, førskole, lektor)	36,20	39,00	34,80	34,40	-1,1 %
Omsetning EVU og fleksible utdanningstilbod (EVU-eininga, mill. kr)	27,42	33,83	43,9	41,3	-5,9 %

Til grunnlag for vurdering av resultatutviklinga for satsingsområdet læring for livet, har UiS tatt i bruk parametrar på kandidattal, søkartal og minimum skolepoeng ved opptak til lærarutdanningane. Antal søkarar til desse utdanningane var 7,94 per studieplass i 2022 mot 8,92 i 2021. UiS har hatt nedgang på denne parameteren kvart år i perioden 2019–2022. Minimum skolepoeng ved opptak til profesjonsutdanning innan grunnskolelærarutdanning, lektorutdanning og barnehagelærarutdanning fall frå 34,8 i 2021 til 34,4 i 2022, klart lågare enn toppskår på 39,0 i 2020. Antal kandidatar frå desse utdanningane auka frå 355 i 2021 til 390 i 2022. Dei siste åra har antal kandidatar innan lærarutdanning vore prega av omlegginga til masterutdanning. Første kull frå ny masterutdanning blei ferdig først i 2022.

Omsetning innan etter- og vidareutdanning og fleksible studietilbod

Talet på studietilbod i 2022 innan etter- og vidareutdanningsverksemda, organisert av UiS si EVU-eining, var 82. Samla omsetning for eininga sin EVU-aktivitet var 41,3 millionar kroner, som er ein reduksjon i høve til 2021 på 2,6 millionar kroner. Dette er som forventa etter to år med ekstraordinære statlege tiltak grunna koronapandemien. I 2022 fekk universitetet tilslag på fem nye søknader til ein verdi av 1,3 millionar kroner. Dei totale inntektene frå nye prosjekt i 2022 var 24,5 millionar kroner. Samanlikna med 2021 er dette ein reduksjon på statlege bidrag på 4,4 millionar kroner og på oppdrag frå næringslivet på 3,6 millionar kroner, men ein auke av sal, privat og næringsliv på 3,0 millionar kroner. Talet studentar har gått ned samanlikna med 2021 (- 452 stk.). Dette blir først og fremst forklart med bortfallet av gratis kurs retta mot arbeidsledige og permitterte. Studenttalet held seg stabilt på oppdragsaktiviteten, medan talet studentar aukar innanfor salsaktiviteten. Grunna covid-19-pandemien gjev samanlikninga med 2021 ikkje eit korrekt bilete av utviklinga over tid. Samanliknar vi derimot resultatet frå 2022 med åra 2018–2019, som i større grad representerer normalen, ser utviklinga annleis ut. 2022 har då ein auke i dei totale inntektene på ca. 5 millionar kroner mot gjennomsnittet for åra 2018 og 2019.

3.4 Anna rapportering

Midlar til oppgradering av forskings- og læringsareal (Kap 275, post 45)

UiS søkte i 2021 om midlar til i alt ni arealutviklingstiltak innanfor hovudområda i vedtatt investeringsplan. Fire av tiltaka fekk tilslag:

1. Oppgradering av førelesingssalar
2. Kognitiv lab
3. Oppgradering av undervisnings- og grupperom

4. Oppstart bygolvprosjektet

Alle prosjekta er i gang, men endra økonomiske utsikter for universitetet har medført at universitetet har mått gjennomgå dei enkelte prosjekta både med omsyn til kapasitet, omfang og kostnadsbilete. Dette har medført forskyving i gjennomføring for nokre av dei planlagde prosjekta. Revidert investeringsplan for perioden 2023–2025 er styrebehandla.

Økonomisk status på prosjekta er som vist i tabell under. Prosjekta som gjeld oppgradering av førelingsalar og kognitiv lab er ferdige.

Prosjekt	Område i investeringsplan	Kostnadsramme	Tildeling frå KD	Kostnader 2021/2022
Oppgradering av førelingsareal	Undervising og forskning	4 000 000	2 000 000	2 000 000
Kognitiv laboratorium	Undervising og forskning	4 650 000	2 000 000	4 882 499
Oppgradering av undervisings- og forskingsareal	Undervising og forskning	5 200 000	2 000 000	361 074
Oppstart Bygolv-prosjekt	Bygolv et	5 300 000	2 000 000	2 080 691
Total kostnad		19 150 000	8 000 000	9 324 264

Midlar til utvikling og drift av partnerskap i lærarutdanningane (Kap. 275, post 21)

I 2022 fekk universitetet tildelt 4,28 millionar kroner til utvikling og drift av partnerskap i lærarutdanningane.

Etablering og utvikling av universitetsskular og -barnehagar held fram ved universitetet. Dei tre einingane som tilbyr lærarutdanningar, deltar aktivt saman med både eigarar, leiging og tilsette frå praksisfeltet. Partnerskapa med alle aktørar er samla i ei felles organisering og prosjektleiing. Målsettinga om å utvide ordninga med ein ungdomsskole og to nye barnehagar er nådd. Samla er fire universitetsskular og tre universitetsbarnehagar etablerte sidan 2018:

Storevarden barneskole	Sola kommune/IGIS	Etablert 2020
Lunde skole	Stavanger kommune/IGIS	Etablert 2018
St.Svithun vidaregåande skole	Fylkeskommunen/IKS	Etablert 2018
Kristianslyst skole	Stavanger kommune/IKS	Etablert 2021
Jåttå barnehage	Stavanger kommune/IBU	Etablert 2019
Sande barnehage	Sola kommune/IBU	Etablert 2022
Skeiane barnehagene	Sandnes kommune/IBU	Etablert 2022

Årleg handlingsplan og budsjett dannar rammer for ordninga og blir samstundes nytta som grunnlag for å nå nasjonal målsetting for tiltaket. Ut frå *Lærarutdanning 2025* er det lagt vekt på følgande innsatsområde i 2022: 1) Fagleg koordinering, 2) Skole- og barnehagebasert praksislærarutdanning, 3) Kombinerte/delte stillingar, 4) Hospiteringsordning, 5) Samskapte utdannings- og FoU-prosjekt og 6) Formidling.

Tabellen viser aktivitetar i dei ulike innsatsområda:

Innsatsområde	2020	2021	2022
1. Fagleg koordinering og administrasjon (UiS)	9	11	13
2. Skole- og barnehagebasert praksislærarutdanning	31	25	29
3. Kombinerte/delte stillingar (Tal av stillingar på 10–20 %)		2	6
Off. sektor ph.d. (i førebuing)			1
4. Hospiteringsordning med tilbod om utveksling		4	12
5. Samskapte utdannings- og FoU-prosjekt	5	5	6

1. Talet på vitenskapleg tilsette som har stillingsprosent i rolla som fagleg koordinator og kontakt til ein universitetsskole/-barnehage, har auka jamt. Desse leiar samhandlinga ute i praksisfeltet, samstundes som dei deltar i planlegging og evaluering av partnerskapa.

2. Samla har 129 lærarar starta eller gjennomført skole-/-barnehagebasert praksislærerutdanning i partnerskapa, 85 har tatt eksamen, og 44 starta i haust og er ferdige våren 2023. Forutan å styrke eige fagmiljø vil fleire praksislærarar med utdanning bidra til kvalitet i rettleinga av studentar.
3. Kombinerte/delte stillingar er etablerte for å berike lærarutdanningane med praksisnær kunnskap. I 2022 hadde seks lærarar frå praksisfeltet denne funksjonen i 10–20 prosent stillingar. Planen er å auke talet. I 2022 er ein offentlig sektor-ph.d. i førebuing.
4. Tilbod om hospitering er godt likt. Fleire vitskapleg tilsette i barnehage- og grunnskolelærerutdanninga har nytta høvet til å utveksle røynsle og fagleg kunnskap med praksisfeltet. Tilbodet held fram.
5. Årleg blir det sett av såkornmidlar til kvar universitetsskole og -barnehage for å stimulere til samskaping og felles FoU-arbeid. Samla fekk seks prosjekt tildeling i 2022.
6. Formidlingsoppgåva står sentralt i partnerskapa og blir stadig utfordra og utvikla. Ei stor hending i 2022 var ein felles konferanse for alle lokale aktørar med 360 deltakarar. Fleire prosjekt har vore presenterte på ulike konferansar både i inn- og utland. Saman med utvikling av nettsider og publisering av artiklar og anna fagstoff held formidlinga fram både lokalt og nasjonalt.

Midlar til kartlegging og kvalitetsvurdering av skandinavisk barnehageforskning 2021 (Kap. 201, post 21)

Kunnskapscenter for utdanning (KSU) fekk ei tildeling på 600 000 kroner som ein del av finansieringa for å gjennomføre kartlegging av skandinavisk barnehageforskning for 2022. Dette arbeidet var også finansiert gjennom basistildeling og midlar frå Utdanningsdirektoratet. Kartlegginga er ein del av eit langvarig samarbeid i Skandinavia om å skape ein database over barnehageforskning (sidan 2006).

Arbeidet blei gjennomført og levert i tråd med plan. Det bestod i å søke etter, innhente, velje ut og vurdere barnehageforskning frå dei skandinaviske landa. Alle vitskaplege publikasjonar som blei inkluderte, blei vurderte, og dei som blei vurderte til å halde middels eller høg kvalitet, blei gjort tilgjengelege i databasen *nb-ecec.org*. Databasen blir administrert av det danske evalueringsinstituttet EVA. KSU har hatt ansvar for kartlegginga, rapportere på sentrale resultat om forskinga (fordeling på land, metode, tema, osv.), og skrive korte abstrakt for kvar studie som blir brukt i databasen, og få alt omsett til engelsk (både rapport og abstrakt med koding).

Midlar til å oppretthalde studieprogresjon (Kap. 260, post 50 og 70)

Universitetet fekk i supplerande tildelingsbrev i 2022 4,056 millionar kroner til tiltak for å oppretthalde studieprogresjon. Midlane blei fordelte til prosjekt som støttar opp om læringsutbytte, inkluderande læringsmiljø og studieprogresjon. Ein har mellom anna auka bruken av mentorar, studentassistentar og rettleiarar, gruppearbeid og anna kontaktskapande arbeid mot og mellom studentane. I tillegg til gode og nyttige tiltak oppretta ved fakulteta, blei midlar også brukte til kulturelle og sosiale arrangement ved universitetsbiblioteket. Her styrkte ein også skrivetrening og *Skriveverkstaden*.

Midlar til studieplassar i sjukepleiar- og spesialsjukepleiarutdanning (Kap. 260, post 50 og 70)

I tildelingsbrevet for 2022 blei universitetet bede om å opprette 20 studieplassar innan sjukepleie innanfor eiga ramme. I tråd med dette er opptaket til masterprogramma i spesialsjukepleie auka for operasjon (4 plassar), helsesjukepleie (5 plassar) og vidareutdanninga i kreftsjukepleie (11 plassar) frå og med hausten 2022. I supplerande tildelingsbrev i 2022 blei universitetet tildelt 956.000 kroner til fleire studieplassar innan sjukepleie/spesialsjukepleie. I samsvar med korrespondanse med Kunnskapsdepartementet i januar 2022 blei opptaket til masterprogrammet i helsesjukepleie auka med ytterlegare 5 plassar og opptaket til bachelorutdanninga auka med 15 plassar.

IV. Styring og kontroll i verksemda

Del 1: Rapportering om styring og kontroll

Ved Universitetet i Stavanger blir dei grunnleggjande styringsprinsippa for statleg sektor lagde til grunn for verksemdstyringa. UiS har stor merksemd på system og naudsynte aktivitetar for å møte krav til styring og kontroll i verksemda, jf. *Økonomireglementet* §4 og §14 og *Bestemmelsene* punkt 2.5 om Intern kontroll. Universitetet har rimeleg god styring og kontroll med verksemda, og rutinar for å førebygge styringssvikt.

Risikovurdering

System for risikovurderingar ved UiS bygger på COSO-rammeverket. Vidare bygger arbeidet med risikovurdering på kartlegging av kritiske suksessfaktorar og vesentlege og kritiske hendingar som kan påverke måloppnåinga ved UiS. Verksemda bruker fleire ulike verktøy (skjema) for risikovurdering, tilpassa dei områda av verksemda som skal risikovurderast. På overordna nivå bruker UiS risikovurderingsverktøy og metododokument frå Direktoratet for forvaltning og økonomistyring. UiS har ikkje anskaffa noko heilskapleg digitalt system for styring og kontroll.

I 2022 blei det gjennomført risikovurderingar av:

- campusutviklingsplan/investeringsplan
- institusjonell handlingsplan (rullering)
- konsolidering / økonomisk omstilling, kvalitativ vurdering
- helse, miljø og sikkerheit

Dei største risikoområda ved UiS:

1. handtering av behov for økonomisk omstilling og innsparingar
2. ivaretaking av arbeidsmiljø under omstilling
3. langsiktig planlegging av studietilbod, og -program, intern omfordeling av studieplassfinansiering

Opplegg for styring og kontroll

UiS sitt system for verksemdstyring ble i 2022 styrkt med fleire nye aktivitetar og oppfølgingspunkt i årshjulet, for å redusere risiko for manglande måloppnåing. Det er innført ein fast, utvida resultatgjennomgang for den øvste leiinga (1. halvår). Hensikta med denne er å sikre kjennskap til resultatutvikling og måloppnåing, og å bidra til betre styring i verksemda. For tettare oppfølging av strategi, utviklingsavtale og planar, blei det også etablert eit årleg oppfølgingspunkt (2. halvår) for status og framdrift for institusjonelle satsingar og tiltak. Innspel til oppdatering av overordna risikovurdering inngår i dette nye oppfølgingspunktet. Tilbakemeldingane frå divisjonar og fakultet dannar grunnlag for eit årleg plan- og budsjettseminar, der tema inkluderer gjennomgang av planstatus med meir, i september kvart år. Hensikta er å legge til rette for betre styring og leiing mot verksemdmål.

UiS har eit potensial for å styrke styringa gjennom at risikovurdering blir tatt i bruk i fleire prosessar som f.eks. bemanningsplanlegging og planlegging av studieportefølje.

Er opplegg for styring og kontroll godt nok til at	Vurd.
sette mål og resultatkrav blir nådde	●
ressursbruken er effektiv	●
lover og reglar blir overhaldne	●
resultat- og rekneskapsinformasjonen er relevant og påliteleg	●
vesentleg styringssvikt, feil og manglar blir avdekte og handterte	●
internkontrollen er dokumentert	●

Den særst utfordrande økonomiske situasjonen for UiS i 2023, og komande år, indikerer eit behov for å vidareutvikle dagens opplegg for styring og kontroll. Auka kontroll med årsverkutvikling og langsiktig effekt av strategiske midlar i internfordelinga, vil bli vurdert innarbeidd i styringssystemet. UiS har ikkje hatt rutine for systematisk vurdering av eksterne risikoar for så store sektorendringar som har manifestert seg det siste året. Den langsiktige økonomiske planlegginga kan styrkast med vurderingar også av risiko knytt til eksterne forhold. Dette vil bli adressert i den vidare utviklinga av UiS sitt styringssystem.

Vesentlege forhold inkludert eventuelle merknader frå Riksrevisjonen

Ut over det som kjem fram i årsrapporten, har det ikkje vore vesentlege forhold knytte til styring og kontroll. Riksrevisjonen hadde ingen merknader til UiS i 2022.

Etisk handel

Som medlem av Etisk handel Noreg rapporterer UiS årleg om status for arbeidet med etisk handel. Rapportane er offentlege og tilgjengelege på universitetet sine nettsider.

Status for 2022

UiS har tatt i bruk eit eige verktøy for risikoanalyse som er utarbeidd av Etisk Handel Noreg. Etisk handel blir stilt som eit kvalifikasjonskrav i anbod om medisinsk forbruksmateriell. UiS har følgd opp dei etiske kontraktsvilkåra i sju ulike rammeavtalar i 2022, og har arbeidd saman med medlemsrådgjevar hos Etisk Handel Noreg om denne oppfølginga. Innkjøpsrådgjevarar ved UiS har deltatt på ulike arrangement hos Etisk Handel Noreg. UiS har oppdatert informasjon om etisk handel på interne og eksterne nettsider.

Planar for 2023

UiS har mål om å revidere handlingsplanen for etisk handel og rutine for oppfølging av rammeavtalar og enkeltanskaffingar innan utgangen av 2023. Elles er det eit mål å informere i leiaropplæringa ved UiS, om rutinar for å kjempe mot korrupsjon og smørjing, og å informere leverandørane i anbodsdokumenta om dette temaet. UiS vil informere offentleg om relevante tiltak frå klima- og miljøplanen innan utgangen av 2023. Det skal stillast krav om etisk handel i nye anbod for rammeavtalar. UiS vil følge opp leverandørar for rammeavtalar i samband med kontraktsvilkår om etisk handel. I tillegg vil UiS auke oppslutninga og styrke kompetansen om etisk handel gjennom kurs eller erfaringsutveksling, og gjennom informasjon til leiinga, studentar og tilsette.

Del 2: Rapportering på andre føresetnader og krav

4.1 Fellesføringar

4.1.1 Effektivisere konsulentbruken

Den samla konsulentbruken ved UiS i 2022 var berre marginalt lågare enn 2021, og klart høgare enn for 2020. Det same gjeld konsulenttenester i høve til samla lønnskostnader.

	2022	2021	2020
Kjøp av konsulenttenester (1000 kr)	34 615	35 030	28 352
% av samla lønnskostnader	2,2 %	2,4 %	2,1 %

Bruk av konsulenttenester har auka for den løyvingfinansierte verksemda (BFV) desse tre åra, medan det motsette er tilfelle for konsulenttenester i den eksternt finansierte verksemda (EFV), der universitetet hadde ein topp i 2021. I 2022 var om lag 25 prosent av UiS sitt samla kjøp av konsulenttenester knytt til eksternt finansiert verksemd, ein noko mindre del enn i 2021 og 2020. UiS sin bruk av konsulenttenester utgjorde vel 18 300 kroner per årsverk i 2022.


(1 000 kr)	2022	2021	2020	Endr. 2020–2022
Lønnskostnader*	1 567 230	1 463 267	1 341 007	17 %
Konsulentkostnader (67 0-67 3)	34 615	35 030	28 352	22 %
Forsk./underv. tenester, vikarar o.a. (67 4-67 9)	65 204	91 505	95 236	-32 %
Årsverk (DBH)	1890,17	1771,42	1610,72	17 %
Konsulentkostnader per årsverk	18	20	18	4 %
Forsk./underv. tenester, vikarar per årsverk	34	52	59	-42 %

*Jf. Retningslinjer for bruk av konsulentttj. i staten

Konsulenttenester knytte til campusutviklinga ved universitetet har utgjort ein vesentleg del av samla kjøp av konsulenttenester dei siste åra, og om lag 7,5 millionar kroner i 2022.

	2022	2021	2020
Campusutvikling, bygg og areal	7 448	4 645	6 594
Del av samla konsulenttenester BFV	29 %	19 %	32 %

Konsulenttenester til utvikling av programvare og IKT-løysingar kosta om lag 6,1 millionar kroner i 2022, ned frå snautt 8,7 millionar kroner i 2021. UiS har i 2022 hatt auka merksemd på kjøp av tenester frå kommunikasjonsbransjen. Snautt 0,5 millionar kroner er ført på ny, eigen rekneskapskonto for kommunikasjonstenester. Dette er noko som vil bli følgt tettare opp i 2023. UiS har to rammeavtalar for kjøp av kommunikasjonstenester, hovudsakleg marknadsrådgjeving.



UiS har pt. ingen strategi for kjøp av konsulenttenester.

4.1.2 Lærlingar

UiS har store ambisjonar for utdanning av lærlingar, og det er derfor gledeleg at talet på lærlingar auka frå 12 i 2021 til 16 ved utgangen av 2022. Lærlingane er fordelte på fem ulike fagområde; service- og administrasjon, industrimekanikar, laboratorium, IKT-service og medieteknikk. Medieteknikk er eit nytt lærefag ved UiS i 2022. 13 av lærlingane er fordelte på dei fire største fakulteta, og dei tre andre i Divisjon for organisasjon og infrastruktur og Divisjon for utdanning. Lærlingane er tilknytte to ulike opplæringskontor. Lærlingane i laboratorie – og industrimekanikarfaget er tilknytte opplæringskontor for Industriefag i Rogaland, og lærlingane i service og administrasjon, IKT-service og medieteknikk er tilknytte Opplæringskontoret for sal og service.

4.2 Andre krav til universitet og høgsular

4.2.1 Forskingsetikk

UiS tilbyr alle tilsette opplæring i forskningsetikk i form av kurs, konferansar, rettleiing, retningslinjer/rettleiingar og annan skriftleg informasjon. Opplæringa skjer sentralt og ved det enkelte

fakultetet og instituttet/avdelinga. UiS betrar kontinuerleg interne system knytte til opplæring og dokumentering av denne, og vil i 2023 halde fram med dette arbeidet.

UiS har retningslinjer for behandling av saker om moglege brot av forskningsetiske normer med tilhøyrande rettleiar. Retningslinjene for behandling av saker om moglege brot på godkjende forskningsetiske normer beskriv korleis UiS skal følge opp meldingar om moglege brot, kven som har ansvar for oppfølging og vurdering i kva for nokre saker, og når forskningsetisk utval skal behandle sakene. Rettleiinga gjev blant anna utfyllande informasjon om korleis meldingar om moglege brot på forskningsetiske normer kan formidlast til UiS og korleis dei blir behandla.

4.2.2 Samfunnssikkerheit og beredskap (SOB) og sikkerheit etter sikkerheitslova

UiS reviderte sist sin ROS-analyse våren 2022. Områda som er identifiserte som dei med høgaste risiko for verksemda, er:

- informasjonssikkerheit og ulovleg kunnskapsoverføring
- omkomen, skadd, trua eller sakna student

Universitetet sitt krise- og beredskapsplanverk blei sist revidert i 2022. Planverket omfattar:


- varslingsplan med tiltakskort
- beredskapsprinsipp og rolleavklaring
- kommunikasjon
- ansvarsforhold i tre fasar av beredskapsarbeid
 - a. førebyggjande fase / førkrisefase: Ansvar for denne ligg hos direktør for organisasjon og infrastruktur, beredskapskoordinator, dekanar/museumdirektør og leiarar av institutt og administrative einingar.
 - b. utføringsfase / akutt krisefase: Ansvar for handteringa av ei krise ligg hos operasjonell kriseleiing, leia av direktør for organisasjon og infrastruktur og i samsvar med UiS si leiingslinje.
 - c. etterkrisefase: Totalansvaret ligg hos rektor og følger leiingslinja.
- Vedlegg
 - o rettleiar for bruk av sjekklister ved alvorlege uønskte hendingar i møterom og undervisningsrom
 - o branninstruks og brannvernorganisasjonar for UiS
 - o utfordringar og konflikhtar i informasjonsarbeidet
 - o psykososial beredskapsplan for UiS
 - o fem scenario
 - o pandemiplan for Universitetet i Stavanger
 - o definisjonar
 - o rettleiar for praktisk kriseforståing

UiS utførte sist kriseøving 28. juni 2022. Dei viktigaste læringspunkta frå evaluering av øvinga:

- Hugseliste beredskap blei brukt ved mottak av beredskapstelefon.
- Strukturen for gjennomføring av *førstemøte* jf. proaktiv stabsleiing blei følgt.
- Funksjonsfeil på ringesløyfa til UiS sin beredskapstelefon, blei avdekt.
- Hensiktsmessig å belyse at type hending har innverknad på samansetting av kriseleiing og arbeidsdeling i handtering av hendinga mellom operasjonelt og taktisk (lokalt) nivå.

Styringsmodell for sikkerheit og beredskap ved UiS

Utgjeving av KDs *Styringsdokument for arbeidet med sikkerhet og beredskap i Kunnskapsdepartementets sektor* i desember 2021, aktualiserte ein gjennomgang av organisering, prosessar og styringsdokumentasjon innan sikkerheit og beredskap (SOB) ved UiS. Det blei derfor sett ned ei arbeidsgruppe i februar 2022, som utarbeidde ein rapport (*Rapport om utvikling av et helhetlig styringssystem for sikkerhet og beredskap*) med tiltak for å tilfredsstillе vesentlege krav i styringsdokumentet. Det blei utarbeidd ein styringsmodell for SOB, godkjend av rektor 17. januar 2023, der ansvar for tiltaka kunne innplasserast.



Ny styringsmodell for sikkerheit og beredskap (SOB)

Arbeidet med informasjonssikkerheit og personvern

UiS har i 2022 hatt fokus på å vidareutvikle prosessar og kunnskapsformidling innan informasjonssikkerheit og personvern. Det er lagt særleg vekt på arbeidet med haldnings- og kunnskapsarbeid mot studentar og tilsette, med mål om å styrke den enkelte si forståing av si eiga rolle i å vareta sikkerheita ved verksemda. Prosessen for leiinga sin gjennomgang er styrkt, og det er sett i gang eit arbeid med å innpasse leiingssystemet for informasjonssikkerheit og personvern innanfor eit breiare styringsfelt som famnar sikkerheit og beredskap i verksemda. Det er også utvikla prosessar for å styrke arbeidet med verddivurderingar og eksportkontroll.

Handtering av covid-19-pandemien

Evalueringa blei i hovudsak gjennomført av den operasjonelle kriseleiinga som består av dei fleste direktørane for fellestenester. Dei fekk ansvar for å utarbeide utkast for eige funksjonsområde. Evalueringa bygde òg på ein rapport frå ei gruppe sett ned av rektor i 2020. Denne gruppa blei leia av prodekan for det teknisk-naturvitskaplege fakultet og hadde medlemmar frå taktisk og operasjonelt nivå.

Evalueringa blei delt inn i seks periodar:

- Før-krisefasen
- Periode 1, nedstenging (mars–juni 2020)
- Periode 2, delvis gjenopning (juni–november 2020)
- Periode 3, ny nedstenging (desember–juli 2021)
- Periode 4, gradvis gjenopning (august–september 2021)
- Periode 5, nye restriksjonar (desember 2021–)

Læringspunkt før-krisefasen

- Pandemiplan måtte raskt oppdaterast for å tilpassast denne situasjonen, vi klarer ikkje føresjå fullt ut det ingen før har opplevd.
- Ansvarsdelinga innerter i beredskapsleiinga følgde linjeansvaret, dette var svært viktig for avgjersler og gjennomføring.
- For å styrke kapasiteten i beredskapsarbeidet under ei så langvarig krise var det heilt nødvendig å mobilisere fleire dedikerte ressursar.

Læringspunkt periode 1, nedstenging (mars–juni 2020)

- Viktige tiltak blei av og til forseinka fordi den sentrale beredskapsleiinga (SBL) berre hadde møte ein gong i veka.

- Det var vanskeleg å bestemme kva avgjerder som kunne takast av operativ beredskapsleiing (OBL) og likeins kva avgjerder som måtte til rektor eller SBL.
- OBL og beredskapsstaben måtte jobbe mykje for å få informert godt nok og følgt opp tiltak ute i organisasjonen.

Læringspunkt periode 2, delvis gjenopning (juni–november 2020)

- For å tilpasse tiltak til ulike behov i organisasjonen var det viktig å ha ei beredskapsleiing distribuert ute i organisasjonen.
- Lokal beredskapsleiing hindrar at den sentrale leiinga blir ein flaskehals og «overarbeidd».
- Eit godt samvirke mellom sentral og lokal beredskapsleiing er sentralt for god kommunikasjon innetter i organisasjonen, ein oppnår dessutan viktig læring mellom ulike delar av organisasjonen.

Læringspunkt periode 3, ny nedstenging (desember–juli 2021)

- Det er viktig å involvere eksterne som har samanfallande utfordringar i krisene også direkte inn i arbeidet med å avgjere og gjennomføre tiltak.

Læringspunkt periode 4, gradvis gjenopning (august–september 2021)

- «Krisa er ikkje over før ho er over» dvs. at vi ikkje bør demobilisere beredskapsorganisasjonen for tidleg.

Læringspunkt periode 5, nye restriksjonar (desember 2021–)

- Viktig at beredskapsleiinga tar opp igjen verksemda gradvis etter kvart som vi får ny smitteauke i samfunnet og at beredskapen blir ytterlegare auka når ny variant av viruset etablerer seg i Noreg.

4.2.4 Likestilling og mangfald

Universitetet sitt arbeid med likestilling skal fremme likestilling blant tilsette og studentar og sikre at alle har like moglegheiter og rettar uavhengig av kjønn, evne, etnisitet, religion, legning eller politisk overtyding. Arbeidet med likestilling er forankra i universitetsleiinga og er ein del av eit viktig ansvar for leiarar på alle nivå.

HR-avdelinga har vore opptatt av å legge til rette for mangfald, likestilling og inkludering allereie i jobbanalyse-fasen ved blant anna å vurdere moglegheit for, og oppfordre leiarar til, å lyse ut deltidsstillingar. Leiarar blir også informerte om moglegheit for, og fordelar ved å melde inn stillingar i traineeprogrammet for personar med nedsett funksjonsevne eller «hol» i CV-en. UiS har dessverre ikkje deltatt i traineeprogrammet til no, men i 2023 vil universitetet prioritere deltaking i programmet, og fortsette å jobbe målretta med leiarforankring av mangfald- og likestillingsarbeidet.

UiS har også hatt stort fokus på bruk av inkluderande språk i stillingsannonsane. Annonsemalane blir jamleg reviderte. Kvalifikasjonskrav blir nøye vurderte slik at UiS ikkje set unødvendige standardar som kan avskrekke kvalifiserte søkarar frå målgruppene. Universitetet oppfordrar søkarar med «hol» i CV-en, innvandrarbakgrunn og/eller nedsett funksjonsevne til å søke, og informerer om korleis deira søknader blir behandla, positiv særbehandling, unntak frå kvalifikasjonsprinsippet, osv.

Dette har truleg bidrege til at UiS sidan 2020 får fleire søkarar frå målgruppene. Medan det i 2020 var 52 søkarar som oppgav nedsett funksjonsevne i søknaden, var det i 2021 nøyaktig dobbelt så mange som oppgav dette. Tilsvarende tal for «hol» i CV-en var 148 og 260. Tala held seg forholdsvis jamne i 2022, med 101 som opplyser om nedsett funksjonsevne, og eit lite fall i søkarar med «hol» i CV-en som no ligg på 240 søkarar totalt.

Kvart år blir kjønnsbalansen blant studentane kontrollert og vurdert, også med tanke på behov for kjønnskvotering.

I tråd med krav frå Horisont Europa har UiS ein handlingsplan for likestilling, som sidan 2021 har vore UiS sin målestokk for korleis universitetet skal jobbe med likestilling, inkludering og mangfald. Eit obligatorisk krav er at handlingsplanen må vise til øyremerkte ressursar for arbeidet med likestilling. UiS har for tida ikkje ein bestemt person med denne rolla, men kvart fakultet har

likestillingsrepresentantar som er aktuelle i alle tilsettingsprosessar. I tråd med handlingsplanen blir det arbeidd med å få ein generell likestillingsrepresentant ved UiS innan 2025, av dei ressursane som allereie finst. I tillegg skal det etablerast eit eige utval for behandling av saker som gjeld likestilling, mangfald og inkludering. Tema blir også i større grad tatt inn som del av leiarutvikling og HMS-opplæring.

UiS er opptatt av å få til ei god psykososial utvikling i arbeidsmiljøet, blant anna ved å redusere mobbing, seksuell trakassering og anna trakassering. Dette blir kartlagt i medarbeidarundersøkinga, som er ein viktig del av arbeidet med å vidareutvikle arbeidsmiljøet. Medarbeidarundersøkinga blir gjennomført i februar/mars 2023, og UiS har derfor ennå ikkje konkrete tilbakemeldingar frå dei tilsette om mobbing, seksuell trakassering eller diskriminering.

Initiativ og arbeid som gjeld likestilling, inkludering og mangfald ved UiS i 2022:

- «Kvinner Til Topps»
- Kjønnsperspektiv i leiaropplæring og leiarsamlingar
- Inkluderingsdugnaden
- Likestillingsrepresentantar
- Språkkafé
- Norskopplæringskurs for alle utanlandske tilsette
- Rapportering om uønskt framferd frå studentar – SI Fra
- Rapportering om uønskt medarbeidarframferd – via HMS-handboka og CIM-systemet
- Kjønnskvotering
- Handlingsplan for likestilling, inkludering og mangfald – som UiS skal legge til grunn for praksis i framtida

Oppfølging av Strategi for digital omstilling i universitets- og høgskolesektoren 2021–2025

UiS har etablert ei porteføljestyriingsgruppe for digitalisering. Den skal sikre ei god implementering av sektoren sine felles digitaliseringsløyser som skal støtte den digitale omstillinga og også sikre koordinering av eigne digitaliseringsinitiativ. UiS sette i 2022 i verk ei utgreiing for ytterlegare å følge opp KD sin strategi for digital omstilling. Utgreiingsgruppa leverte ein første rapport til styret i junimøtet 2022. Dette blei det jobba vidare med hausten 2022, og arbeidet blir vidareført inn i 2023.

Arbeid med norsk språk

1.1.2022 tredde den nye språklova i kraft. Lova stadfestar ansvaret statlege organ har for å bruke, utvikle og styrke norsk språk, og for å sørge for at begge målformer er representerte med minst 25 prosent.

UiS sine språkpolitiske retningslinjer slår fast at norsk (både bokmål og nynorsk) er hovudspråk ved universitetet. Retningslinjene inneheld også punkt om bruk av norsk i formidling og undervising, forholdet mellom dei to målformene, språkkompetanse hos tilsette, og opplæring og støttetiltak. UiS har eit eige språkutval som skal følge med på handhevinga av dei språkpolitiske retningslinjene og gje råd om språkarbeidet ved behov. Alle nytilsette ved universitetet får informasjon om, og skriv under på, at det er forventa at dei kan undervise og rettleie på norsk innan ein periode på tre år frå tiltreding. Når ph.d.-kandidatar sender søknad om å få avhandlinga bedømt, blir det kravd eit samandrag på norsk og engelsk.

UiS rapporter årleg inn tal for målbruk i offentleg tilgjengeleg informasjon. Rapporteringa skjer for føregåande år. Frå og med 2020 hentar Språkrådet inn tal for nettstaden uis.no automatisk. Tala for sosiale medium blir rapporterte av Avdeling for kommunikasjon og samfunnskontakt.

UiS klarte heller ikkje i 2021 å oppfylle kravet om 25 prosent nynorsk. Vi fekk likevel ros frå Språkrådet for å vere på rett veg. Frå 2020 til 2021 gjekk nynorskandelen på nettsidene opp frå 14 til 16 prosent. Om ein berre ser på innhald produsert i 2021, var nynorskandelen 20 prosent. På sosiale medium var nynorskandelen 47 prosent for Twitter, 24 prosent på Facebook og 12 prosent for andre (Instagram og LinkedIn).

Campusutviklingsplanar og større byggeprosjekt

Ein overordna og langsiktig campusutviklingsplan for effektiv og god utvikling og bruk av bygg, eigedom og infrastruktur ved Universitetet i Stavanger, blei vedtatt hausten 2020. Planen inneheld tre hovudprioriteringar: (i) Opning av førsteetasjane i bygga langs UiS-aksen for studentar, tilsette og allmenta (*bygolvet*), (ii) Nytt bygg for Det helsevitskapelege fakultet blir plassert i tett tilknytning til nye Stavanger universitetssjukehus, (iii) Studentsamskipnaden i Stavanger (SiS) får bygge eit nytt tenestebygg i tilknytning til SiS sportssenter.

Første delprosjekt for «bygolvet» skulle etter planen blitt gjennomført i 2022 (oppgradering/ombygging av Hagbard Line kafe). Prosjektet var eit samarbeidsprosjekt mellom Statsbygg og UiS. Etter gjennomført konkurranse blei prosjektet stoppa, grunna kostnadsnivå. Prosjektet blei omarbeidd og trimma vesentleg ned og planlagt gjennomført i 2023.

Status for nytt bygg for Det helsevitskapelege fakultet er; i 2021 blei ytterlegare eit løysingsalternativ belyst gjennom ei tilleggsutgreiing. Statsbygg og UiS har lagt fram sine anbefalingar for KD. I slutten av 2021 slutta KD seg til konklusjonane til Statsbygg og UiS og har gjeve Statsbygg i oppdrag å utarbeide ein *oppstart forprosjekt rapport* (OFP). SUS og UiS har inngått intensjonsavtale for tomt for nytt helsebygg. I 2022 gjennomførte Statsbygg og UiS arbeidet med OFP-rapporten. Styret er orientert om at prosjekt nybygg er blitt trimma vesentleg ned, og begge involverte partar meiner at OFP-rapporten svarer ut bestillinga til KD. OFP-rapporten er oversendt KD for vidare behandling.

Studentsamskipnaden i Stavanger (SiS) ferdigstilte bygging av ein studentbustad med 129 eittromsleilegheiter på BS5-arealet på campus til semesterstart i august 2022. Statsråd Ola Borten Moe og rektor Klaus Mohn deltok på opninga av prosjektet. På slutten av 2022 signerte SiS kontrakt med Skanska Norge om utviding av SiS sportssenter og nytt tenestebygg, Velferdsbygget. Når bygget etter planen blir tatt i bruk våren 2025 vil det bli eit markant løft for studentane i regionen. Det er utarbeidd rom- og funksjonsprogram for prosjektet, og her samarbeider UiS og SiS tett for å optimalisere behovet og sambrukshøva. Studentorganisasjonen StOr er også ein sentral aktør her. Det blir samstundes arbeidd med å sikre at SiS-prosjekta blir kopla riktig på det nye «bygolvet» slik at ein oppnår eit levande og inkluderande bygolv langs heile campus-aksen. Prosessen med å finne lokalisering til ei tomt til fleire nye studentbustader på campus går for fullt.

Nytt formidlings – og magasinbygg ved Arkeologisk museum blei heller ikkje i 2022 tildelt midlar over Statsbudsjettet. Behovet for fleire funksjonelle areal opphøyrer ikkje, og UiS har i 2022 gjeve Statsbygg i oppdrag saman med UiS å gjennomføre eit arealutviklingsprosjekt for å belyse kva som er mogleg å løyse innanfor eksisterande areal ved Arkeologisk museum.

I oktober vedtok styret at det skal byggast ein ny energisentral på Campus Ullandhaug. Dette inneber at over hundre energibrønner tilknytte bergvarmepumper skal erstatte dagens løysing for oppvarming og kjøling av bygningar på campus. Den nye energisentralen vil gje 80 prosent reduksjon i utslepp målt mot dagens løysing og blir såleis eit viktig bidrag i UiS si grøne omstilling.

Kontrakt for bygging er tildelt entreprenørfirmaet Kruse Smith AS. Etter ein lang periode med drøftingar blei det i 2022 omsider einigheit mellom Statsbygg og UiS om ei kostnadsfordeling i samarbeidsprosjektet og leigeavtalar blei signerte. I januar 2023 gav KD si formelle tilslutning til bygging av ny energisentral på Campus Ullandhaug. Arbeidet skal gjennomførast som eit brukarfinansiert prosjekt med utgangspunkt i prosjektgrunnlaget frå Statsbygg.

I Bjergsted er det framleis dialog med Stavanger kommune om å starte opp ein moglegheitsstudie eller forprosjekt for utvikling av den gamle kulturskolen. Det kan også nemnast at det er utarbeidd ein moglegheitsstudie for eit nytt grønt energibygg, og ein planlegg fleire eksterne møte i 2023 for å sjå på finansieringsmoglegheiter.

Framtidig arealbehov på hovudcampus er forventa å bli dekt gjennom fortetting og ombygging/oppgradering av noverande areal. Det er sett i gang konkrete prosjekt som ledd i oppfølginga av planen, og vidare prioriteringar vil bli gjort med grunnlag i den institusjonelle investeringsplanen for bygg og infrastruktur. Omstilling ved UiS internt vil også påverke dette arbeidet.

Vedtatt campusplan:

<https://www.uis.no/nb/om-uis/strategi-og-styringsdokument>

Film om UiS-aksen/landskapsplanen:

<https://www.youtube.com/watch?v=xaV-OBlXabw>

4.2.5 Avsetningar

Årets meirforbruk på 34,4 millionar kroner reduserer universitetet sine unytta akkumulerte midlar/avsetningar som etter dette utgjer totalt 170,6 millionar kroner pr. 31.12.2022.

Avsetningar til andre formål og investeringar frå Kunnskapsdepartementet per 31.12.2022	Løyving (1 000 kr)	Avsetning (1 000 kr)	Avsetning %
Avsetningar til andre formål		32 483	2 %
Avsetningar til investeringar		138 116	7 %
Sum avsetningar frå KD	1 872 001	170 599	9 %

Hovudårsaka til at dei samla avsetningane utgjer 170 millionar kroner, er først og fremst to år med pandemi der universitetet fekk redusert planlagt aktivitet. Dette resulterte i eit samla mindreforbruk på 105 millionar kroner for åra 2020 og 2021.

Dei akkumulerte midlane er i stor grad knytte opp mot utsett og forseinka aktivitet i fageiningane og forskarutdanninga, både innanfor drifts- og investeringsaktivitetar.

UiS vurderer at det framleis er store investeringsbehov dei komande åra, synleggjort gjennom vedtatte institusjonelle investeringsplanar for bygg og digital omstilling. Spesielt gjeld dette innan infrastruktur som tilpassing av bygg for studentar og tilsette, moglege arealutvidingar, energispareiltak og IKT. Det blir sett av midlar til eigenfinansiering for å ha moglegheit til å nå dei måla som er sette for komande investeringsbehov i tråd med Strategi 2030.

Størrelsen på avsetningane har ikkje påverka måloppnåinga for universitetet si kjerneverksemd negativt. Derimot gjev avsetninga universitetet eit tryggare grunnlag for stabil drift, og gjer føreseieleg finansiering av aktivitetar som strekker seg over meir enn eitt år, moglege. Avsetningane er i stor grad knytte opp mot utsett aktivitet, og skal brukast til å fullføre desse aktivitetane i tillegg til å støtte opp om universitetet sine strategiske satsingar.

Styret følger opp dei nye retningslinjene frå Kunnskapsdepartementet om å redusere dei akkumulerte midlane på institusjonsnivå og at desse blir nytta i tråd med universitetet sine strategiske planar. Avsetningane ligg innanfor departementet sine retningslinjer for avsetningar.

Dei økonomiske utsiktene for verksemda tilseier at universitetet framover må gå gjennom aktiviteten for å sikre føreseieleg og forsvarleg drift av kjerneverksemda. I arbeidet med omstilling er forsvarlege avsetningar eit godt hjelpemiddel for å sikre føreseielegheit for studentar og tilsette.

V. Vurdering av framtidutsikter

Framtidutsikter og planar

Universitetet har i Strategi 2030 sett høge ambisjonar for utvikling, omstilling og resultat. UiS er om lag ein tredel inne i gjeldande strategiperiode. Omverda, endringar i sektoren og eiga verksemd har det siste året bydd på store utfordringar. Dei siste 15 åra har UiS opplevd stor vekst. Budsjettet har auka med 54 prosent frå 2010 til 2022, antal årsverk har auka med 75 prosent og antal studentar med 48 prosent. Dei komande åra må UiS vri verksemda frå vekst til konsolidering av økonomisk handlingsrom og drift - og endå tydelegare prioriteringar. Hausten 2023 vil det bli gjennomført ein revisjon av strategien basert på endringar i eksterne omgjevnader for verksemda, ny langtidsplan for forskning og høgare utdanning, og UiS si resultatutvikling for strategiske satsingar og verksemdsområde.

Nye verksemdsmål i utviklingsavtalen med KD

UiS har definert nye verksemdsmål for perioden 2023–2026 i tråd med nytt rammeverk for utviklingsavtalar i sektoren. Utviklingsavtalen famnar fem av UiS sine strategiområde. For satsingsområdet *eit godt lærings- og arbeidsmiljø*, gjeld ambisjonane frå Strategi 2030 som verksemdsmål. Verksemdmåla ligg til grunn for UiS sin fireårig institusjonelle handlingsplan, som i stor grad er ein utviklingsplan for verksemda.

Utviklingsmål 1: Grøn omstilling pregar utvikling av kjerneverksemda

Tiltaka i handlingsplanen her dreier seg hovudsakleg om korleis bidrag til grøn omstilling skal prege UiS sine utdanningar, forskning og innovasjon. I tillegg har styret prioritert tiltak knytte til ny klimaplan for UiS si grønne omstilling av campus og verksemd.

Utviklingsmål 2: Vere eit ope universitet med fleksible og ettertrakta utdanningar

UiS si deltaking i ECIU University står sentralt i tiltaka i handlingsplanen for dette utviklingsmålet, saman med utvikling av, og søknader om finansiering til, fleksible utdanningar. UiS skal også «opnast opp» gjennom tiltak for digital omstilling av verksemda.

Utviklingsmål 3: Sterk posisjon på energifeltet

For å støtte dette målet skal UiS prioritere tverrfagleg forskings- og utdanningsamarbeid innan satsingar som havvind, batteriteknologi, hydrogen, energisystem, energieffektivisering, CCS, og reinare olje- og gassutvinning.

Utviklingsmål 4: Brei og innovativ satsing på kunnskap for framtidens helse- og velferdssamfunn

Blant tiltaka for dette utviklingsmålet står HelseCampus Stavanger sentralt. HCS skal utviklast vidare som arena for samarbeid innan helse og velferd i regionen. Etablering av tverrfaglege og tverrfakultære forskings- og undervisningsgrupper er eit anna prioritert tiltak for helse- og velferdssatsinga.

Utviklingsmål 5: Vere banebrytande på utdanningsfeltet

Handlingsplanen inneheld også for dette utviklingsmålet ei prioritering av tverrfaglege og tverrfakultære forskings- og innovasjonsinitiativ for å løyse komplekse utfordringar innan læring og læringsmiljø. Dei tverrfaglege gruppene og arenaene er samstundes eit kjenneteikn ved det opne, og stadig opnare, universitetet.

For utviklingsmål 3–5, dvs. dei faglege satsingsområda i Strategi 2030, inneheld handlingsplanen fleire felles tiltak knytte til både eksternt finansiert verksemd og auka studiepoeng- og kandidatproduksjon dei komande åra. UiS sine nye innovasjonsindikatorar skal implementerast i 2023, og vil bidra til å synleggjere bidrag til innovasjon på dei ulike områda breiare enn tidlegare kommersielt orienterte innovasjonsparametrar.

Handlingsplan 2023–2026 inneheld elles fleire tiltak som er knytte til eit godt lærings- og arbeidsmiljø, og behov for økonomisk handlingsrom og omstilling:

- Gjennomgang av interne prosessar og rutinar for å effektivisere, standardisere og digitalisere (2023: tiltak frå internt konsolideringsprosjekt)
- Styrke planlegging av kompetanseutvikling som støttar alle målområde (2023: kartlegging av behov jf. økonomisk konsolidering, 2023–2026: prioriterte utviklingsprogram for digitalisering, leining m.m.)
- Utvikle strategisk bemanningsplanlegging for alle grupper av tilsette (2023: sikre kopling mellom bemanningsplanlegging og økonomisk konsolidering)

Økonomisk konsolidering

UiS sin økonomiske situasjon er klart prega av auka kostnader og strammare rammer. Endringar i studieplassfinansiering og inntektskrav om studieavgift frå utanlandske studentar har slått kraftig ut for UiS si forventa statlege finansiering dei komande åra. Den interne modellen for fordeling av statleg finansiering skal reviderast i 2023/24 og tilpassast dei komande endringane i KD sitt finansieringssystem for sektoren, og UiS sitt eige endringsbehov. Det vil bli naudsynt med strengare prioriteringar dei komande åra.

Utvikling av samarbeid

UiS har ein lang tradisjon for samarbeid regionalt, nasjonalt og internasjonalt. Eit viktig bidrag til vidare utvikling av eksternt samarbeid, er den samarbeidsavtalen UiS og forskingsinstituttet NORCE inngjekk mot slutten av 2022. UiS har ambisjonar om at NORCE skal bidra til omstilling i næringsliv og offentleg sektor, styrke forskingsbasert innovasjon og utvikling, auke konkurransekrafta nasjonalt og internasjonalt, og skape moglegheiter for bruk av kompetanse på tvers av fagområde og bransjar. Den nye samarbeidsavtalen har som formål å legge til rette for samarbeid om forskning og innovasjon mellom UiS og NORCE og skal bidra til at verksemdene styrker kvarandre i konkurranse om eksternt finansiering. Eit av verkemidla i den nye avtalen er etablering av eit nytt samarbeidsutval mellom NORCE og UIS. Styrking av samarbeidet mellom UiS og NORCE kan bidra til mange av styringsparametrane i utviklingsavtalen for 2023–2026.

UiS har sidan 2012 vore den norske medlemmen av ECIU, eit nettverk for universitet som satsar på innovasjon, entreprenørskap og tett samarbeid med sine regionar. Internasjonalisering og nyskapande undervisningsmetodar står sentralt i nettverket og ECIU University er hovudsatsinga. ECIU University har ambisjon om å transformere europeisk høgare utdanning med utgangspunkt i *Challenge Based Learning*, det å ta i mot utfordringar frå offentlege og private aktørar for å skape arenaer som gjev grunnlag for læring. Desse utdanningsaktivitetane skal føre til stor auke i internasjonal mobilitet for studentar og tilsette, og ei tettare kopling mellom utdanning og forskning, dei komande åra.

Stavanger kommune er ikkje berre lokasjon for store delar av UiS si verksemd, men også ein viktig samarbeidspartnar. I utviklingsavtalen for 2023–2026 har UiS sett ein klar ambisjon om å vere ein sterk bidragsytar til Kunnskapsbyen Stavanger. Kommunen har definert tre innsatsområde i sin temaplan for kunnskapsbyen: 1. utvikle og ta i bruk ny kunnskap og kompetanse, 2. etablere innovasjonsdistrikt Ullandhaug, og 3. rekruttere og behalde viktig kompetanse og arbeidskraft i regionen. Samarbeidet med Stavanger kommune er også viktig for å utvikle Stavanger som studentby, for studentar ved alle studiestadene i byen. UiS og Stavanger kommune har også inngått ein samarbeidsavtale med SUS, Rogaland fylkeskommune som dannar grunnlaget for vidare samarbeid.

Budsjett 2023

Universitetsstyret gjorde 8. desember 2022 vedtak om endeleg årsbudsjett 2023 og intern budsjettfordeling ved UiS. Budsjettet er fastsett med ei ramme på 1 926,2 millionar kroner, ein *realnedgang* på 2,5 prosent sett i høve til 2022-budsjettet. Realnedgang i budsjetttramma kombinert med betydeleg auke i kostnadsnivået, gjer det naudsynt å ha god budsjettkontroll og tett oppfølging av økonomi og verksemd gjennom 2023.

Statsbudsjettet og tildelingsbrevet for 2023 gjev UiS betydelege kutt i den statlege løyvinga med langsiktige konsekvensar for den underliggende faglege og administrative aktiviteten. Dette blir nærare omtalt i avsnitt om *Langtidsbudsjett 2023–2032*. UiS arbeider målretta for å tilpasse

verksemda til nye rammevilkår gjennom fokus på konsolidering og omstilling. Målet er å sikre økonomisk handlingsrom på sikt slik at ambisjonane i strategien kan stå fast.

Hovudfordeling 2023 (tal i heile 1000)

Eining	2022	2023	Endring
Fakultet for utdanningsvitenskap og humaniora	311 820	309 098	-0,9 %
Fakultet for utøvande kunstfag	54 226	53 477	-1,4 %
Det samfunnsvitenskaplege fakultet	172 714	173 958	0,7 %
Handelshøgskolen ved UiS	90 283	92 469	2,4 %
Det helsevitenskaplege fakultet	147 889	158 131	6,9 %
Det teknisk-naturvitenskaplege fakultet	362 262	356 529	-1,6 %
Arkeologisk museum	47 443	46 644	-1,7 %
Sum fakultet/museum	1 186 636	1 190 305	0,3 %
Rektorat og rektors stab	12 953	13 192	1,8 %
Divisjon for utdanning	62 890	64 713	2,9 %
Divisjon for forskning	67 621	69 164	2,3 %
Divisjon for innovasjon og samfunnskontakt	33 744	34 886	3,4 %
Divisjon for organisasjon og infrastruktur	211 461	213 570	1,0 %
Divisjon for organisasjon og infrastruktur, husleige og e	251 319	292 849	16,5 %
Studentar og samskipnad	9 306	9 556	2,7 %
Institusjonell strategisk ramme	80 709	37 969	-53,0 %
Sum fellestenester, strategi og infrastruktur	730 003	735 899	0,8 %
Sum fordeling UiS	1 916 639	1 926 205	0,5 %

Areal og campus er viktige område i UiS si vidare utvikling som universitet. Samstundes varslar dei politiske signala strammare budsjett i åra som kjem. Dette får stor innverknad på moglegheitene til å underbygge planlagde arealutviklingstiltak ved UiS budsjettmessig. Den institusjonelle investeringsplanen for bygg og infrastruktur syner prioriterte prosjekt for perioden 2023–2025 i samsvar med oppsettet nedanfor:

Prioriterte prosjekt 2023–2025 (tal i heile 1000)

Kategori	2023	2024	2025	Totalsum
Arbeidsplassar/kontor	2 350			2 350
Bygolv	4 800	15 000		19 800
Helsefakultetsbygg	8 800			8 800
Miljøtiltak	27 000	500	500	28 000
Oppgradering/ending	14 500	3 000	3 000	20 500
Undervising/forskning	5 200	16 000		21 200
Totalsum	62 650	34 500	3 500	100 650

Det har vore naudsynt å nedskalere planen og omprioritere mellom planlagde prosjekt grunna den økonomiske situasjonen. Det kan bli naudsynt med ytterlegare nedskalering av investeringstiltak i tida som kjem. I tillegg vil ein hausten 2023 sjå nærare på den overordna campusutviklingsplanen for UiS og vurdere behov for endringar og revisjon.

Langtidsbudsjett 2023–2032

Strategien viser at UiS har store ambisjonar om omstilling og fagleg styrking den komande tiårsperioden. Realisering av desse ambisjonane føreset større investeringar, blant anna i bygg, infrastruktur og organisatorisk støtte. Desse satsingane skal gjennomførast samstundes med at det blir forventa lågare vekst i dei statlege løyvingane i åra som kjem. Desse utfordringane blei ytterlegare forsterka då statsbudsjettforslaget for 2023 blei lagt fram i oktober 2022, og det er sett i gang ein større prosess ved UiS for å omstille drifta slik at ein sikrar naudsynt økonomisk handlingsrom på lengre sikt.

I tabellen under syner UiS dei forventa samla inntektene og kostnadene for UiS fram mot 2032:

Langtidsbudsjett 2023–2032, i millionar 2020-kroner

Tabell 1: Forventa utvikling i kostnader og inntekter 2022–2031

Del A: Framskrivnen utvikling - før tiltak	2022	2023	2025	2027	28–32
Inntekt KD (statsbudsjettet)	1 755	1 743	1 726	1 682	1 673
Andre kutt	0	0	-9	-26	-34
Andre statlege inntekter	12	13	13	13	13
Andre inntekter	20	21	20	20	20
Inntekter BOA	405	414	417	417	417
Totale inntekter	2 186	2 190	2 167	2 105	2 088
Endring i % (realvekst)	1,0 %	0,2 %	-1,1 %	-1,2 %	-2,0 %
Faste lønskostnader	1 491	1 517	1 517	1 517	1 517
Variable lønskostnader	99	99	98	95	95
Huskostnader	276	287	307	307	307
Driftskostnader	245	246	243	236	234
Investeringar	80	80	80	77	77
Prognose kostnader (før tiltak)	2 192	2 230	2 245	2 233	2 230
Budsjettbalanse før tiltak	-6	-39	-78	-128	-142

Som det går fram av tabell 2, er det venta ein betydeleg reell nedgang i KD-løyvingane fram mot 2028. Dette kjem av at det i statsbudsjettet for 2023 blei gjort store kutt i form av reversering av studieplassfinansieringa frå RNB 2020, i tillegg til kutt som følge av innføring av studieavgift for internasjonale studentar. Isolert for UiS vil desse kutta gje følgande budsjettverknad fram mot 2028:

Tabell 2: Sum inntektstap/inntektskrav 2023–2028, 1000 NOK

UIS	2023	2025	2026	2028
Nedtrapping av «koronaplassar» (studieplassar)	-11 070	-55 350	-66 420	-66 420
Nedtrapping av «koronaplassar» (resultatfinansiering)	0	0	-8 303	-30 679
Inntektskrav internasjonale studentar (studieplassar)	-7 577	-30 307	-30 307	-30 307
Inntektskrav internasjonale studentar (resultatfinansiering)	0	-5 683	-14 576	-17 980
Sum/akkumulert økonomisk effekt 2023–2028	-18 647	-91 340	-119 606	-145 386

UiS har hatt ei god utvikling innan ekstern finansiert verksemd dei siste åra, og dette er ei utvikling ein legg stor vekt på å halde ved lag gjennom dei komande åra. Langtidsbudsjettet føreset derfor at BOA-inntektene held seg på minst 2023-nivå den komande tiårsperioden.

Den forventa inntektsutviklinga krev at UiS må redusere lønskostnader (og andre kostnader), eller auke inntektene med om lag 140 millionar kroner fram mot 2028 for å halde oppe økonomisk balanse.

VI. Årsrekneskap

Innhald:

Leiingskommentarar

Årsrekneskap per 31.12.2022 med notar

Årsrekneskap 2022:

Rekneskapen for året reflekterer at universitetet er tilbake på eit høgt aktivitetsnivå etter to år med pandemi.

Framleis høg bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet.



Ledelseskommmentarer Årsoppgjør 2022

Universitetet i Stavanger

Det bekreftes med dette at regnskapet pr. 31.12.2022 er avlagt i henhold til de statlige regnskapsstandardene (SRS), bestemmelser om økonomistyring i staten, rundskriv fra Finansdepartementet og krav fra overordnet departement og med opplysning om eventuelle avvik.

Avvik mellom periodisert resultatbudsjett og resultatregnskap er kommentert under etterfølgende punkter. Det er ikke utarbeidet balansebudsjett.

Strategi 2030 ble ferdigstilt i 2020 og vedtatt av styret 22. oktober 2020. UiS skal bidra til en bærekraftig omstilling av samfunnet gjennom forskning, kunstnerisk utviklingsarbeid, utdanning og innovasjon. Energi, helse og velferd samt læring for livet er UiS sine faglige satsingsområder.

UiS sin nye planstruktur består av institusjonell 4-årig handlingsplan og årsplan, samt 4-årige handlingsplaner og årsplaner for fakultetene og museet. Planene skal operasjonalisere strategiske ambisjoner og sikre at strategien blir realisert. Handlingsplanen ble revidert av styret i desember 2022.

Universitetet opplever et stort trykk på bygg og infrastruktur etter flere år med høy aktivitetsvekst. En campusutviklingsplan er utarbeidet i samarbeid med Statsbygg for å vurdere utnyttelsen av eksisterende bygg, samtidig som det utredes og planlegges nye bygg i tilknytning til aktivitet på museet, teknologi og innovasjon og helse. Videre ble det etablert en langsiktig, institusjonell investeringsplan for bygg og infrastruktur med et overordnet tiårs-perspektiv, med inndeling i faser med tre-fireårs horisont fram mot 2030. Prioriterte tiltak i fase 1 av planen (2021-2024) ble vedtatt av styret 11. mars 2021 innenfor en samlet kostnadsramme på anslagsvis 78 mill. Denne planen ble oppjustert av styret 2. desember 2021 med en vedtatt samlet kostnadsramme på 126.4 mill. for å understøtte gjennomføringen av fase 1 (2021-2025).

Som en konsekvens av endringene i statsbudsjettet og med det en lavere finansieringsramme enn tidligere forutsatt, er UiS inne i en konsolideringsfase for å sikre et strategisk og økonomisk handlingsrom i tiden framover. Forslag til revidert investeringsplan 2023 – 2025 ble forelagt styret i februar. Prioriteringer i tråd med campusutviklingsplanen vil inngå i langtidsbudsjettet for UiS framover.

Universitetet i Stavanger blir revidert av Riksrevisjonen jf. Lov om riksrevisjonen § 9. Universitetet har etablert internkontrollsystem med tilhørende risikovurderinger.

Kommentarer til regnskapet

Aktiviteten ved universitetet fortsetter å øke og fra 2021 til 2022 var den nominelle veksten i den statlige grunnbevilgningen 3,1%. Realveksten (utover pris- og lønnsvekst) var på 0,5 %, hovedsakelig knyttet til økt studieplassfinansiering og produksjonsresultater. Samtidig ble det registrert budsjettkutt relatert til ny premiemodell for pensjon (42.1 mill.) og forventet varig nedgang i reiseaktivitet (6.4 mill.).

Utover rammebevilgningen, har UiS i 2022 også mottatt supplerende tildelingsbrev på 25.1 mill.

Dette gjelder Kunnskapsenteret (13.3 mill.), utvikling og drift av partnerskap i grunnskolelærerutdanning (4.3 mill.), og lønn til studenter for å sikre godt læringsutbytte, læringsmiljø og studieprogresjon (4.1 mill.). I tillegg er det tildelt flere studieplasser til sykepleier- og spesialsykepleierutdanning (1.0 mill.) og studieplasser til ukrainske flyktninger (2.4 mill.).

Driftsresultatet pr. 31.12.2022 viser et merforbruk på 37,4 mill. for virksomheten som helhet, noe som utgjør 1,6 % av totale driftsinntekter. Tilsvarende viste regnskapet for samme periode i 2021 et samlet mindreforbruk på 87,1 mill. Regnskapsmessig resultat fordeler seg med merforbruk knyttet til bevilgningsfinansiert virksomhet (BFV) på 34,4 mill. og merforbruk knyttet til bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet (BOA) på 3,0 mill.

Resultatet fra oppdragsvirksomheten som kan tilføres virksomhetskapskapital er på 1,4 mill. pr. 31.12.22.

Det totale kostnadsnivået inkludert avskrivninger er 207,6 mill. eller 9,8 % høyere enn for samme periode i 2021. 114,2 mill. er relatert til økte lønnskostnader (7,7 %).

Driftsinntekter

Resultatregnskapet pr. 31.12.2022 viser samlede driftsinntekter på 2 296,4 mill. Dette er en økning på 83,1 mill. eller 3,8 % i forhold til samme periode i fjor. Nivået er 88,0 mill. høyere enn budsjettet. Eksterne inntekter (ABFV, NFR, EU og EFV) utgjør 434,8 mill. og er på et høyere nivå enn tidligere år.

Økonomisk utvikling 2020-2022

År	31.12.2020	31.12.2021	31.12.2022	Budsjett 2022	Avvik R vs B	Avvik i %
Totale driftsinntekter	2 013 548	2 213 310	2 296 409	2 208 452	87 956	3,8 %
BOA (ekst inntekter eksl. egenfinansiering)	301 792	400 806	434 837	408 567	26 270	6,0 %
Totale driftskostnader	1 964 935	2 126 235	2 333 828	2 258 486	75 341	3,2 %
Totale lønnskostnader	1 359 546	1 479 914	1 594 070	1 664 306	-70 236	-4,4 %
Totale andre driftskostnader inkl avskrivninger	605 389	646 321	739 758	594 180	145 577	19,7 %
Totale investeringer	106 835	99 719	111 226	125 088	-13 862	-12,5 %
Andel driftskostnad av totale driftsinntekter	97,6 %	96,1 %	101,6 %	102,3 %		
Andel BOA (ekst inntekter eksl. egenfinansiering) i % av statsfinansieringen	17,4 %	22,0 %	23,2 %	21,8 %		
Andel lønnskostnad av totale driftsinntekter	67,5 %	66,9 %	69,4 %	75,4 %		
Andel andre driftskostnader av totale driftsinntekter	30,1 %	29,2 %	32,2 %	26,9 %		
Andel investering av totale driftsinntekter	5,3 %	4,5 %	4,8 %	5,7 %		
Resultat	-48 613	87 075	37 419	50 034		

Bevilgningsfinansiert virksomhet (BFV) representerer 1 710,4 mill. av driftsinntektene, noe som er 35,6 mill. høyere enn budsjettet. 13,9 mill. av økningen skyldes et lavere investeringsnivå enn forutsatt.

År	31.12.2020	31.12.2021	31.12.2022	Budsjett 2022	Avvik R vs B	Avvik i %
Totale driftsinntekter	1 607 464	1 688 699	1 710 446	1 674 797	35 649	2,1 %
Totale driftskostnader	1 567 055	1 623 721	1 744 879	1 680 805	64 074	3,8 %
Totale lønnskostnader	1 136 784	1 205 769	1 266 470	1 310 832	-44 362	-3,4 %
Totale andre driftskostnader inkl avskrivninger	430 271	417 952	478 409	369 973	108 436	29,3 %
Andel driftskostnad av totale driftsinntekter	97,49 %	96,15 %	102,01 %	100,36 %		
Andel lønnskostnad av totale driftsinntekter	70,72 %	71,40 %	74,04 %	78,27 %		
Andel andre driftskostnader av totale driftsinntekter	26,77 %	24,75 %	27,97 %	22,09 %		
Resultat	-40 409	-64 978	34 433	6 008		

Inntekter fra bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet (BOA) utgjør 585,9 mill., noe som 52,3 mill. høyere enn budsjettet og skyldes hovedsakelig finansiering til flere kompetanseutviklingsprosjekter som er blitt innbetalt på forskudd og skal brukes i løpet av prosjektperioden.

År	31.12.2020	31.12.2021	31.12.2022	Budsjett 2022	Avvik R vs B	Avvik i %
Totale driftsinntekter	406 084	524 611	585 963	533 655	52 308	9,8 %
Totale driftskostnader	397 879	502 514	588 949	577 681	11 268	2,0 %
Totale lønnskostnader	222 761	274 145	327 600	353 474	-25 874	-7,3 %
Totale andre driftskostnader inkl avskrivninger	175 118	228 369	261 349	224 207	37 142	16,6 %
Andel driftskostnad av totale driftsinntekter	97,98 %	95,79 %	100,51 %	108,25 %		
Andel lønnskostnad av totale driftsinntekter	54,86 %	52,26 %	55,91 %	66,24 %		
Andel andre driftskostnader av totale driftsinntekter	43,12 %	43,53 %	44,60 %	42,01 %		
Resultat	-8 204	-22 097	2 986	44 026		

Universitetet har økt administrativ støtte for tilrettelegging og støtte i forbindelse med søknader til NFR og EU, noe som er et viktig bidrag for å kunne øke den eksterntfinansierte virksomheten framover.

Lønn og sosiale kostnader

Regnskapet pr. 31.12.2022 viser lønnskostnader på totalt 1 594.1 mill. I regnskapet pr. 31.12.2021 utgjorde lønnskostnader 1 479.9 mill. Lønnskostnader har økt med 114.2 mill. (7,7%) og skyldes en årsverks økning på 79 årsverk i forhold til samme periode i fjor i tillegg til individuelle lønnsjusteringer. Årsverks økning er knyttet til både økning i administrative stillinger grunnet økt faglig aktivitet og økning innenfor undervisning og forskningsstillinger grunnet nye studieplasser og rekrutteringsstillinger samt betydelig vekst i BOA.

Rekrutteringsstillinger utgjør rundt 6% av årsverks økningen i perioden.

Lønnskostnadene er lavere enn budsjettert og skyldes forskjøvet rekruttering og mer sykefravær og foreldrepermisjon enn forutsatt. Pensjonskostnader er også lavere enn budsjettert.

Lønnskostnaden utgjør 69,4 % av totale driftsinntekter.

Pr. 31.12.2022 ble det foretatt avsetning for opparbeidet fleksitid, overtid og ikke avvirket ferie i henhold til de statlige regnskapsstandardene og resulterte i en reduksjon i avsetning på 6.4 mill. (inkl. sosiale kostnader).

Andre driftskostnader

Andre driftskostnader (inkl. avskrivninger og finanskostnader) beløper seg til 739.8 mill., og viser dermed en økning på 93.4 mill. (14,5 %) sett mot samme periode i 2021, hvorav 6.4 mill. gjelder økte

avskrivningskostnader. Ut over dette skyldes økningen husleie og kostnader relatert til drift av eiendom som følge av nybygg, energikostnader, samt økte brukervhengige kostnader knyttet til husleie til Statsbygg.

Kostnader til renhold har også økt som en konsekvens av pandemien samt økte IKT kostnader til anskaffelser og lisenser knyttet til økt behov for digital undervisning og digital samhandling.

Videre har kurs- og reiseaktiviteten økt sammenlignet med samme periode i fjor.

Kostnadsnivået er høyere enn budsjettert for perioden med 145.6 mill., hvorav 78.0 mill. gjelder avskrivningskostnader som ikke er budsjettert (inntektsføres tilsvarende).

Investeringer

Det har over de senere årene vært et høyt fokus på behovet for å øke investeringsnivået innenfor bygg og infrastruktur. Dette har også bli fulgt opp i 2022. Totale investeringer utgjør 111.2 mill. pr. 31.12.2022, noe som er høyere (11.5 mill.) enn sammenlignet med 2021. Investeringsnivået er lavere enn budsjettert. Investeringene er i hovedsak relatert til ombyggingsprosjekter og inventar på fakultetene, vitenskapelig utstyr samt IKT- og AV-utstyr, hovedsakelig ved IT-avdelingen, som følge av omlegging til mer digital aktivitet.

UiS vurderer at det fortsatt er store investeringsbehov i de kommende årene, synliggjort gjennom vedtatte investeringsplaner for bygg og digital omstilling. Spesielt gjelder dette innenfor infrastruktur som tilpasning av bygg for studenter og ansatte, mulige arealutvidelser, energisparetiltak samt IKT.

Prioriterte tiltak i fase 1 av institusjonell investeringsplan (2021-2024) ble vedtatt innenfor en samlet kostnadsramme på anslagsvis 78 mill. Investeringsplanen rulleres årlig og ble første gang revidert med bakgrunn i bl.a. økte materialpriser og ble oppjustert av styret 2. desember 2021 til 126.4 mill.

Styret vil få framlagt plan for perioden 2023 – 2025 i februar. Kostnadsrammen for denne perioden er planlagt til 100.7 mill.

Bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet (BOA)

Resultatet pr. 31.12.22 viser et merforbruk på 3.0 mill. og gjelder hovedsakelig ABFV, annen bidragsfinansiert virksomhet, og skyldes et høyt aktivitetsnivå som er finansiert med nedbygging av tidligere års kontraktsreserver.


Universitetsstrategien legger vekt på viktigheten av å øke inntektene fra eksterne finansieringskilder for særlig å kunne finansiere økt omfang samt økt kvalitet i forskningen. Utviklingen i 2022 viser en regnskapsmessig oppgang i inntekter fra BOA sammenlignet med foregående år.

Utover de rene eksterne inntektene er prosjektvirksomheten tilført 153.3 mill. i form av egenfinansiering i perioden. Det høye nivået har samme hovedårsaker som i 2021 og hovedtyngden av egenfinansieringen er planlagt tilførsel til bl.a. NFR- og EU-prosjekter. Tilført egenfinansiering er 26.6 mill. (21,0 %) høyere sammenlignet med samme periode i fjor og følger av økt aktivitet.

Samlet prosjektoverskudd ved UiS, fra oppdrags- og bidragsaktivitet i 2022 utgjør 11.3 mill., og er en oppgang på 0.3 mill. mot samme periode i fjor. EVU-virksomheten har tilført 5.2 mill. i perioden. Resultatet fra oppdragsvirksomheten som kan tilføres virksomhetskaptal er på 1.4 mill. pr. 31.12.22.

Utvikling kontraktsverdier

Kontraktsreserver, opptjente inntekter og kontraktsverdier NYE prosjekter, tall i tusen



Kontraktsreserver, opptjente inntekter og kontraktsverdier NYE prosjekter

	2020	2021	2022
Kontraktsreserver	434 003 494	712 983 481	551 781 263
Prosjekt opptjente inntekter tertial	104 955 561	162 968 122	149 237 032
Prosjekt opptjente inntekter HIÅ	301 792 048	400 805 916	434 836 554
Kontraktsverdi nye tertial	174 333 708	206 218 657	115 092 645
Kontraktsverdi nye HIÅ	452 919 686	593 610 662	332 441 222
Kontraktsverdi endringer HIÅ	88 032 346	33 677 559	10 540 197
Kontraktsverdi nye og endringer HIÅ	540 952 032	627 288 221	342 981 419

Nye kontraktsverdier avtalt i 2022 utgjør 332.4 mill., mens det for samme periode i 2021 var 593.6 mill. I tillegg ble det registrert 10.5 mill. i økning i kontraktsverdier på eksisterende prosjekter mot 33.7 mill. i 2021. Dette gir en samlet nedgang i kontraktsverdier på 284.3 mill.

Det er stor variasjon innenfor de ulike prosjektypene.

I år har NFR redusert tildelingen med 20 % i forhold til det som var planlagt, noe som har ført til en historisk lav innvilgningsprosent. Kontraktsverdier fra NFR viser en nedgang på til sammen 243.0 mill. sammenlignet med 2021. Ved utgangen av 2021 fikk UiS innvilget flere store prosjekter (14 prosjekter med en verdi på mellom 10 og 20 mill.) og hadde dermed et særskilt høyt nivå på kontraktsverdier.

Det er også en nedgang fra ABFV på 89.3 mill. og skyldes hovedsakelig kontraktsverdier for veiutbyggingsprosjekter (utsettelse av E39). Utbygginger vil forskyves pga. høye bygge kostnader og strømpriser. Aktivitetsnivået i 2022 har allikevel vært på det samme nivået som de siste årene pga. høye kontraktsreserver. Det er planlegges også for flere store prosjekter i tiden framover.

EU viser en oppgang i kontraktsverdier på 33.3 mill. sammenlignet med i fjor. Oppgangen skyldes flere utdanningsprosjekter (Erasmus+) og forskningsprosjekter (Horizon). Det er også en økning i privat næringsliv på 34.5 mill., og gjelder hovedsakelig Petrosenter.

Oppdragsprosjekter har en nedgang på kontraktsverdier med 4.2 mill. sammenlignet med i fjor, samtidig er det lavere kontraktsreserver grunnet et høyt aktivitetsnivå.

UiS skal delta i nytt hydrogensenter HyValue ledet av NORCE med finansiering fra Forskningsrådet. I tillegg er det signert en ny samarbeidsavtale med Lyse som innebærer at Lyse skal bidra til å styrke forskning, utdanningstilbud og samarbeid på UiS med inntil 50 mill. fram mot 2030. I tillegg har barnehagesenteret Filiorum blitt innvilget finansiering for fem nye år fra NFR og UiS har fått tilslag på PIRLS-oppdag fra Utdanningsdirektoratet og noen større prosjekter for arkeologisk undersøkelser.

Oppsummering

Driftsresultatet pr. 31.12.2022 viser totalt merforbruk for UiS på 37.4 mill., hvorav resultatet fordeler seg med merforbruk knyttet til bevilgningsfinansiert virksomhet (BFV) på 34.4 mill. og merforbruk knyttet til bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet (BOA) på 3.0 mill.

Ved årsslutt har UiS akkumulerte ubenyttede midler BFV på 170.6 mill. 2 år med pandemi og en redusert planlagt aktivitet har resultert i et samlet mindreforbruk på 105 mill. i 2020 og 2021.

De akkumulerte midlene er i stor grad knyttet opp mot investeringsplan for bygg og infrastruktur (100.7 mill.), byggefond i forbindelse med nytt helsebygg (21.9 mill.) og digitalisering (3.7 mill.).

I tillegg er det satt av midler til vitenskapelig utstyr (15 mill.) og nytt SIS-bygg (10 mill.).

Ellers er midlene bundet opp mot forsinket aktivitet på fagenhetene og forskerutdanningen og pågående investeringsprosjekter innenfor arealombygging og IKT.

Avsetninger til andre formål og investeringer fra Kunnskapsdepartementet	Bevilgning pr. 31.12.2022	Avsetning pr. 31.12.2022 i kr	Avsetning pr. 31.12.2022 i pst.
Avsetninger til andre formål	1 872 001	18 183	1 %
Avsetninger til investeringer	1 872 001	152 416	8 %
Sum avsetninger fra Kunnskapsdepartementet		170 599	9 %

Avsetningen pr. 31.12.22 til andre formål enn investeringer er innenfor nye retningslinjer og avsetningsbegrensning på 5 % til andre formål.


